


Fire folkelærarar : Herman Anker, Olaus Arvesen, Christopher Bruun, Viggo Ullman

---

Förord till den elektroniska utgåvan

Under arbete...

FYREORD

I *Norske folkeskrifter nr. 61, Grundtvig,* er fortalt um dei ideane folkehøgskulen er bygd på. Dette er eit framhald med skildringar av dei mennene som fyrst tok arbeidet upp i vårt land, og av tidstilhøva då.

Til ei meir breidlagd utgreiding um alt dette er det mange og rike kjelder å ausa av. Her er mest nytta det som mennene sjølve, elevar og medlærarar har fortalt.

HERMAN ANKER

1839—1896

Ein dag ut på våren i 1858 stod tvo teologiske studentar utanfor universitetet i Oslo og venta på professor *Gisle Johnson* som dei båe skulde inn og høyra på. Dei kom i samtale og gjekk ein tur burtetter gata. —

Den eine var 28 år, høgvaksen og breid, stø og sikker i tale og i rørsler. Den andre var 19 år, ikkje nær so høg, men breid over akslene, og hadde eit drøymande drag i det fine, mest barnslege andletet sitt. Han vagga litt når han gjekk. Båe var dei frå Austfold. Den eldste var bondegut, son til ein fiskar og gardbrukar i Onsøy. Den yngste var frå ein herregard, son til ein av rikaste mennene i landet då var, av adelsætt og uppkalla etter ein greive.

Den fyrste heitte *Olaus Arvesen,* den andre *Herman Anker.*

Arvesen hadde vore lærar ei tid og hadde alt teke til med bladskriving. Nyleg hadde han gjeve ei livsskildring av *Ole Vig,* som var avlidenfor eit halvt år sidan, 34 år gamal, i same romet der Henrik Wergeland døydde 12 år fyrr, 37 år gamal.

Arvesen hadde vore mykje saman med Ole Vig, lese alt han hadde skrive og vilde gjerne fortelja um alt dette. Anker lydde, kom berre med eit spursmål av og til, m. a. um Ole Vigs ferd til Danmark og um Grundtvig. Heime hadde han høyrt so mykje um denne mannen, mest av mor si.

Arvesen la ut um Grundtvigs skuleidéar og fortalde at det var Ole Vigs store draum å få reisa ein folkehøgskule som bygde på desse skule-tankane. Men han fekk for stutt levetid.

Anker stana: «Stakkars Vig,» sa han, «som skulde dø før han kunde få se en sådan skole. —

--Men kom, Arvesen, du og jeg reiser den!

— Vil du ikke gjerne dette?» — «Jo visst — men midlerne?» —

«Vær ikke redd, der skal nok bli midler.»

Båe vart so upp i det for denne tanken, at dei gløymde både professoren og teologien. Dei var komne langt upp i Aker fyrr dei gådde, at det var meir enn ein time over tida.

Då Arvesen over 40 år seinare fortalde um dette, la han til: «Jeg mindes det endnu som hadde det været igår. — Jeg har ikke nogen gang følt mig så sjæleglad som efter den samtale med Anker.»Men det var so stort og gledeleg dette, at han mest ikkje våga tru på det.

Den fyrste gongen han atter var saman med Anker, kom han seg ikkje til å nemna skulen fyrr Anker litt undren spurde, um han alt hadde gløymt det heile.

Då tok dei atter tanken upp, studera att og fram og vart samde um å reisa ein folkehøgskule, som skulde liggja på eller ved Hamar. Båe skulde stå saman i arbeidet.

Men fyrst måtte dei verta ferdige med studer-ingane sine. Det vilde taka 3—4 år.

Anker-ætta er vidt utgreina og har mange kjende menn i soga vår, m. a. Carsten Tank Anker, Eidsvoll, og Peter Anker på Bogstad. Dotter hans, Karen, var gift med greive Herman Wedel Jarlsberg. Ein kan fylgja ætta attende til kring 1650. Stamfaren heitte Erik Anker (1644— 1699), var handelsmann og åtte ein stor vin- og trelasthandel i Oslo. Han let etter seg mange pengar, <lå han døydde. I 1778 og 1790 vart fleire av ætta tekne upp i adelstandet, millom desse Nils Peter sen Anker. Han var rikmann og gjorde mykje godt med pengane sine. I 1808 og 9 gav han store gåver til heren, og i 1811 10 000 riksdalar til det nye norske universitet. — Son hans, Peter Martin Anker kjøpte herregarden Rød (ved Halden) som verfar hans, statsråd Tank, hadde ått, og flutte dit. Han var gift 2gonger, andre gongen med Catrine (Trine) Gløer-sen, dotter til major Gløersen.

Den 15. juli 1839 fekk desse ein son, som vart uppkalla etter greive Herman Wedel Jarlsberg.

— Det var «vår> Herman Anker. —

P. M. Anker har fått eit gjævt ettermæle. «—

— Ethvert patriotisk foretagende havde i ham en varm talsmand og redebon støtte, også videnskab, kunst og litteratur havde i ham en trofast støtte og varmhjertig beskytter.» (Norsk Forf. Leksikon). M. a. hjelpte han Rikard Nordråk med pengar til eit upphald i Berlin.

Trine Anker var kjend med presten Wexels. Fleire gonger kvart år reiste ho den lange vegen frå Halden til Oslo for å høyra han preika. Ho fekk mange og lange brev frå honom, las i hans «Andagtsbog for Menigmand», «Christelige Be-tragtninger» og «Huspostil».

Grundtvigs tankar og ideal kom soleis inn i denne norske stormannsætta. Under påverknad av desse voks Herman Anker upp. At han valde teologien då han var ferdig med studenteksamen i 1857, var soleis sjølvsagt.

I Oslo kom han mest saman med Wexels vener. Dei skipa eit lag «Mandagsforeningen». Kvar måndagskveld heldt dei møte med song og upplesing av Grundtvigs preiker. Sume gonger var det ordskifte etterpå.

Det var ut på våren 1858 han vart kjend med Arvesen. Um hausten 1859 var båe på eit skan-dinavisk kyrkjemøte i Lund. Dei tok vegen um Kjøpenhamn både fram og attende og vart då kjende med dei fremste av Grundtvigs vener i Danmark.

Etter desse fyrste sterke inntrykka av det nye åndslivet dernede, tok dei til med teologien att.

Arvesen var vel den av desse tvo som var mest trottug til å gå på forelesingane og som las mest. Anker hadde råd til å taka det meir i mak. Dessutan var det so mykje anna han skulde vera med på. Han var ofte på stortingsgalleriet, høyrde Ueland, Sverdrup og Sehweigård, og lærde meir politikk enn teologi, segjer han sjølv.

Til dette kom brevskriving. Dei kunde den kunsta å skriva brev desse fyrste grundtvigiana-rane. Ein av venene i Kjøpenhamn (Wagner) skreiv upp Grundtvigs preiker kvar sundag og sende dei til Anker. Denne skreiv av tri og sende til presten Wexelsen (far til statsråd og biskop W.) i Nidaros. Attåt sende han eit brev på 28 store, tettskrivne sider til Wexelsen og eit like so langt til Wagner. Breva gjev m. a. eit godt bilete av prestane i hovudstaden soleis som ein ung, kritisk student såg det.

Til jol 1859 reiste Anker heim til Rød. Femte joledag vart han sjuk og vart liggjande mange veker (nervefeber). Men utpå vårparten friskna han til att, og var heilt frisk til sumaren, so han kunde bli med dei danske venene sine, Wagner og Christensen, på ein fottur gjenom Gudbrands-dalen til Nidaros og sjå på kryninga der 5. august 1860.

Fyrr danskane for frå Noreg, gjorde dei den avtalen at Anker og Arvesen skulde koma til Kjøpenhamn og vera der ein vinter. Dei får same hausten og var der frå 16. sept. 1860 til 14. april 1861.

Nokre jamngamle teologiske studentar hadde skipa eit lag der, som dei kalla «Lille theologi-cum». Føraren var Ludvig Schrøder. Her møttest mange av dei som seinare vart fyregangs-menn for folkehøgskulen. Dei tvo nordmennene kjende seg snart heime her. Dei kom og sume tider saman hjå Grundtvig på gl. Kongevei.

Diktaren var viljug til å svara på spursmål frå ungdomen. Men det vart til det at han tala og dei høyrde, utan å koma med mange spursmål.

Elles fyrebudde dei tvo seg til teologisk embetseksamen der nede. Ludvig Schrøder las dogmatikk med dei og Ludvig Wagner hebraisk.

Heimen til Ludvig Wagner var samlingsstad for mykje ungdom. Her kom m. a. dotter til presten Bojsen, Marie eller Mix, som dei vanleg kalla henne. Syster til Wagner, Charlotte, vart her trulova med Schrøder, og Anker med Mix Bojsen. —

Herman Anker kom soleis inn i ei ætt med serleg interesse for folkehøgskulen. Sokneprest Fre-derik Engelhart Bojsen i Stege var bladstyrar for«Budstikken» og vart vanleg kalla «Budstikke-Bojsen». Sonen hans, Frede, vart gift med syster til Anker, Karen, tvo år etter giftarmålet millom Anker og Mix Bojsen. Noko av Anker-midelen kom soleis til Danmark og vart nytta til å reisa ein folkehøgskule der. Frede Bojsen bygde Rød-kilde højskole (Møen) på eigen kostnad.

Det 3. skandinaviske kyrkjemøtet i 1861 vart halde i Oslo. Frå Danmark kom m. a. Ernst Trier og Ludvig Schrøder. Det var då fyrste gongen Chr. Bruun kom med i det laget. Året etter kom ein annan nordmann til, Kristofer Janson. No tok dei til å samla seg: Anker, Arvesen, Bruun, Janson, Schrøder og Trier.

Arvesen vart teologisk kandidat 1862, og i 1863 Anker som straks etter heldt brudlaup med Mix Bojsen. Dei busette seg for det fyrste i Kjøpen-hamn.

Straks etter døydde Peter Martin Anker på Rød. Han let etter seg mange pengar, over 4 mill. speciedalar. Herman Anker var no ein rik mann. Han hugsa den lovnaden han hadde gjeve til Arvesen sju år fyrr. Og utan å spyrja nokon sette han seg fyre å byggja Noregs fyrste folkehøgskule. Mor hans likte ikkje at han vilde bli skulemann.

Ho hadde alltid ynskt at han skulde bli prest. Men Anker heldt fast på ungdomsdrau-men sin. — For det fyrste måtte dei leiga hus åt skulen.

Medan Anker var i Danmark sumaren 1864,hadde Arvesen tinga hus på Hamar, lyst ut skulen i sitt «Kirkeligt Folkeblad», skrive um han og fyrebutt det so godt han kunde, alt i samråd med Anker.

Mistru og motstand tok no til å melda seg. Ein slik skule kunde bli fårleg; for desse tvo teologane hadde ikkje den rette trua; dei var grundt-vigianarar. Kva det i røynda var for noko, hadde dei fleste inga greide på. Men noko gale måtte det vera, sidan mest alle prestar stygdest. Andre meinte at det kunde føra til eit bonderegimente som kunde bli fårleg både for embetsfolket og for heile samfundet. Det gjekk mest ut over Arvesen.

Anker kjende folk mindre til. Dei visste berre at han var prestlærd og ein rik mann, gift med ei frå Danmark, og at det var han som skulde bera utlogene til skulen.

Ein innsendar i eit blad kom med det ålvor-lege spursmålet um «Ankers familie vilde tillade, at de midler som var samlet i Fr.hald (Halden), blev anvendt på Hedemarken». Dei burde i alle tilfelle halda seg til sitt eige fylke, Austfold.

Folkehøgskulen på Hamar fekk mange elevar likevel. Det var i alt 80 då dei tok til 1. novb. 1864.

Anker hadde valt til hovudfag for seg heimssoge, geografi, upplesing og innføring i dikting og islandske soger.

Det fyrste året gjekk uventa godt. Etter dettelovande tiltaket var det klårt at skulen måtte få seg eigen heim. Anker valde ein liten bakke upp for Hamar med fritt utsyn over Mjøsa, over til Helgøya og vidare utover. — Der bygde han store hus til skulen, til Arvesen og til seg sjølv. Dei kalla skulen og staden Sagatun. Der var stor vigslefest 2. okt. 1865.

Noreg hadde fått sin fyrste folkehøgskule i eigen heim.

Anker og frue arbeidde der i 10 år. — Fekk dei sterk motstand frå høgre og frå prestane, so var fagninga so mykje sterkare frå andre. — Bjørnson helsa skulen i tale og dikt. «Dette blir først og fremst en mægtig løftestang for bøn-derne,» sa han. «Her har adelen og bonden gjort fælles sag!» Bjørnson stridde for mange saker i det lange arbeidslivet sitt. Folkehøgskulen var den saka som stod hjarta hans nærast både i ungdomen og lenge utetter. Eit av hans finaste og mektigaste diktverk «Arnljot Gelline» er tileigna folkehøgskulane i Norderlanda «med tak og lykønskning». Det var folkehøgskulen som gjorde at han kjøpte gard i Gausdal og slo seg ned der.

I den fyrste tida var han so sterkt med og gjorde so mykje, at det er uråd å gjeva ei skildring av folkehøgskulen utan å fortel ja noko um Bjørnson og arbeidet hans.

Til Anker og Arvesen skreiv han i 1874:«Se adel'ns søn og bondens, de mødtes i jer to, i eders kristne venskab og eders norske tro.

Ja, bondens søn og adel'ns, den tro de mødtes i: her engang ét de vare, — og må så atter blil

Så lagde I da skolen på Sagas gamle grund og døbte den i ordet af Kristi egen mund.

Hvad nidkær bonden gjemte f ra gammel hæders-tid; med ham i dagens lysning og ære kom det hid.

Her skinnede fra bakken den gamle odels-glans, her kjendte unge gutten at landet det var hans!

Her bondejenten rødmed: Krist hjælpe mig dertil; ti i mit hjærte bor det, hvad slægt her komme vil.

Tak, adel'ns søn og bondens, I gjorde fælles sag, tak, bondens søn og adel'ns for denne ti-års-dag.

Den gav sligt lys, at bonden begynder at forstå, at han sin tabte adel på odelsgrund kan nå!»Det gjekk likevel ikkje so lett og snart for bonden å nå «sin tabte adel på odelsgrund».

Ein av elevane på Sagatun dei tvo fyrste åra, ein bondegut på Hedmark, Lars Alhaug, har i eit dikt gjeve uttrykk for korleis so mang ein kjende det:

«Aanderne strålte orer slægter, som led og stred for brødet i ansiktets sved med ludende hoved og ryg så kroget;

skalderne sang for slægter, som sov dorsk under tryk af vanern.es lov, sukkende tungt under trællekårsåget.»

Det står ikkje bra til hjå eit folk, «der skal-dene synger for slægter som sover». Noreg var kome med i det ålmenne åndslivet, hadde havt og hadde «ånder som strålte over slekterne». Men for størsteparten av folket var det menneskjelege åndslivet noko ukjent. Guds uendelege stordom og kjærleik som syner seg i skaparverket og i soga, i kunst og dikting, i menneskjeånda med trå og leiting mot ljos og klårleik og lukke, sigrar og nederlag, ny leiting og nytt arbeid, — alt dette var løynt for dei fleste, ei bok med sju segl fyre. Anten var det synd å røra ved slikt, eller i beste fall nyttelaust for vanlege folk. Det kunde kanskje vera noko for storfolket; men det kom ikkje dei andre ved. Dei hadde ikkje bruk for det, — det kunde ikkje hjelpa det minste i det harde, daglege strevet for maten og utkoma. Det ein

2 — Fire folkelærarar.trong av det åndelege, hadde ein i «Pontoppidans Forklaring», og resten fekk prestane og dei andre embetsmennene greida so godt dei kunde. Det var difor dei hadde so store løner.

Ingen kjende bresten betre enn diktarane. Men no tok det til å vårast. Dei skreiv fagre songar um dette nye som no byrja syna seg. Mykje av det beste som vart skrive i denne tida, hekk saman med det vårvéret som då gjekk over landet og som beinveges eller umveges hadde samanheng med folkehøgskulen. Liksom Wergeland ein fin, varm dag tidleg um våren straks kjende sumaren i seg, syntest optimisten Bjørnson, at no var folkevåren komen. «Blomstrer det gjør av gaven over alt Norges fang.» I den stemning dikta han til Sagatun og Anker i 1877:

«Ti det var Herman Anker, tog af sit fædre-gnld, strøde det ud som tanker over vårt hjærte-muld,

strøde det ud som haven strør under vårens sang; blomstrer det gjør af gaven over alt Norges fang.

Blomstrer det gjør! Ti marven stod sig i vår så kold.

Aldrig har faderarven givet en skønnere fold.'

Husk det, du norske bonde, husk det, du by-mand med.

Skal kjærligheds-sæden monne vor tak må den dugges med.»

Jonas Lie var optimist som Bjørnson. «Hver åndens mand» vilde bli med i denne reisinga, segjer ban i diktet til Anker, Arvesen og Sagatun i 1869:

<Fra Hamar stad det ringer udover Mjøsens vand, — og for mangt lydhørt øre rundt hele Norges land.

Det ringer folket vågent: det er alt langt på dag, det er på tid vårt lærdomsåg blir vendt til folkesag.

Det er i landets hjerte ved Mjøsens blanke speil, den fagre folketanke har heist de hvide seil.

Og som den fremad stævner, så seiler den sig stor; det blir tilslut hver åndens mand, som stiger med ombord.

Og morgensolen skinner i sjøen om dens speil.

Og Norges flag er heiset i rå som silkeseil; og for de mænd, som vove sin ungdomsdag derpå, så er det vel så fager færd, som du i livet så.»Aasmund Vinje vilde ogso ha eit ord med i laget. Han vitja Sagatun i 1870 og kom straks etter med eit innlegg i «Dølen», noko av det siste han skreiv.

Vinje går inn på dei grunnane mot folkehøg-skuletanken som då vart førde fram, og segjer: «Snu det som du vil, so må ein slik skule vera

til gagns.--Vi hava få folk med vilje og endå

færre med råd til at leggja ut ein skilling på ein tanke, og det at Anker har havt både vilje og råd til dette, merker mannen ut som ein framifrå

mann.--Det er ein god tanke, so sannt som

det er godt at upplysa folk.---Grundtvig-

domen er ein god dom, når han vert brukad med måte og til tid og stad. Han er i sin grunntanke ein fridom frå

skinnbrev og bokstavtru. Der er noko fritt og folkelegt i den, og den stend derfor i næraste samband med sovel den politiske som tankens fridom. Derfor er den og national like sovel her som i Danmark.»

Litt seinare skreiv han um kor turvande det er at både bønder og forretningsfolk får «ein. ålmenn åndeleg underbygning».

Faste timar med bibellesing, religion og tilsvarande lekser hadde dei ikkje på Sagatun. Dette fann mange av den gamle skulen underleg og ukristeleg. At ein kunde få det religiøse med, når ein ikkje hadde faste fag og timar til det, det skyna dei ikkje.

Anker tok religionen med i kyrkjehistoria oghistorietimane, skildra det store vendet som kom med kristendomen, heidenskapen i kamp imot, martyrsoga, den store folkerørsla under kross-ferdene og Luthers kamp mot katolisismen. Elevane hans segjer dei aldri gløymer desse timane.

«Her var fremstillingen i de bedst oplagte øie-blikke idel sjæl og ånd, og eleverne har vist aldrig nogen gang siddet så grebne under nogen gudstjeneste, som under disse timer i verdens-historie. Det samme gjaldt Ankers oplæsning af digterverker. Eleverne fandt det en ren høitid at overvære de stunder.» (Arvesen.)

Det var ein norsk folkehøgskule dei vilde byg-gja på Sagatun, tilmåta etter norske krav og norskt folkelynde. Eit slikt mål når ein ikkje på nokre få år. Desse tvo møtte her vanskar, som dei kanskje ikkje hadde rekna med. Ingen av dei hadde undervist ungdom fyrr. Ein ung lærar er aldri heilt sjølvstendig når han skal til å undervisa i sin eigen skule, endå um han har lese nokso mykje både psykologi, pedagogikk og metodikk. Meir eller mindre klårt har han fyrebi-lete, som han tek etter. Oftast vert vel upplær-ingsmåtane åt hans eigne lærarar mønster, til han finn sitt eige lag og sine eigne metodar.

Lærarane på Sagatun hadde ikkje den vanlege hjelpa i dette høvet. Den «høiere skole» som dei sjølve hadde gått igjenom, kunde dei ikkje ha til mønster. Den upplæringsmåten dei nytta der, vilde dei nettupp ikkje ha. Den tanken tok no tilå vakne at i lengda vilde ikkje barneskulen vera nok. I eit folkestyrt land kunde ikkje den vera den einaste upplysingskjelda for folks ålmenn-daning.

I ei og onnor bygd hadde dei difor alt freista med «høiere almueskole». Desse skulane var bygde på gamle grunnsetningar og nytta gamle upplæringsmåtar. Her kunde dei soleis heller ikkje få noka hjelp. Dessutan kjende dei ikkje større til desse skulane. Dei måtte skapa noko nytt i landet. Det fall då av seg sjølv at dei såg til Danmark. Og det naturlege var, at for det fyrste vart skulen mest etter dansk mønster. Men dette vilde ikkje alltid høva. Den røynsla gjorde dei nokso tidleg.

Andre vanskar var der og. Dei gutane som kom til skulen, var ikkje alle slike som Arne, Øivind og andre som bonderomantikken hadde skapt. Både lærarane på Sagatun og mange andre høgskulelærarar har nok gjort sine tunge røynsler her. Men vitelyst, kunnskapstrong, ideel trong hadde gutane, og etter kvart arbeidde ei norsk form seg fram.

Fleirtalet av elevane hadde lite eller inkje kjennskap til verds- og kyrkjesoga då dei kom på skulen. Anker måtte difor taka med meir elementære ting enn han frå fyrst av hadde tenkt. Han freista serleg å gjeva bilete av livet i dei sterkaste brytingstidene.

Det var ikkje alltid at dei best utarbeidde fore-draga gjorde sterkaste verknaden. Sume tider måtte han taka timar utanum dei vanlege, byta um med ein annan lærar t. d. Men desse foredraga, som han soleis ikkje var sers fyrebudd til, lika elevane best. Til kvardags bruka han gjerne ei gamal, brun fløyelsjakke, når han ikkje skulde i skulesalen. Til slike ekstratimar kom han i denne jakka, og då sa elevane til kvarandre: «No har han den brune på, no fær vi høyra noko framifrå godt.»

Attåt soga var litteratur, gjenomgåing av diktverk, det kjæraste arbeidet hans. Grundtvig hadde sagt at «skolen for livet» måtte vera «hi-storisk-poetisk». Det er lett nok å laga spottord og vitsar av dette, like eins som av å «høine og løfte». Og det var nok av blaserte folk som gjorde det i si tid. Tanken i desse orda er like god og sann for det.

For Anker var det ikkje berre grundtvigske slagord, men noko han freista gjenomføra i arbeidet sitt. Han sette den munnlege talen, «det levende ord», høgst, men gløymde aldri å visa til det skrivne, til den rikdomen vi har i litteraturen.

Folkehøgskulen i alle land har alltid søkt hjelp frå diktarane, d. v. s. dei som har noko å gjeva til menneskja. Skulen er soleis bindeled millom diktarane og folket. Av norske diktarar er det ingen som har vore brukt slik som Bjørnson, og det alt frå fyrste stunda av. Anker var ein meister til å lesa og gjenomgå diktverk, epi-ske og dramatiske. Songar vilde han helst syng-ja, når det var gode tonar til dei. Han hadde ei utifrå vakker songrøyst. Bjørnson lika so godt å høyra honom syngja og har skildra det slik i i ein tale:

«Mange har hørt Anker tale og synge. Men få av os har hørt ham synge da han var ung, I sangens toner lå hele hans varme sind. Aldrig har jeg hørt en slig opsang som hans på skolen, og aldri har jeg hørt nogen som således kunde få andre til at synge med. — Alle har vi et barn inde i os. Men de fleste forliser det meste av barnet på livsveien. Han bevarede det til det sidste, og ud fra det byggede han.»

Sagatun hadde ein til som bygde og som ikkje skal gløymast.

Folkehøgskulen skulde ikkje vera skule i vanleg tyding og berre gjeva kunnskap. Han skulde og vera ein heim for elevane. Her har det mest å segja kven som er husmor på skulen. Ho skal vera den gode ånda i skuleheimen, og har ei stor og vanskeleg uppgåve som kan vera uppslitande nok, endå um ho ikkje er lærarinne med vanlege upplæringstimar.

Den fyrste høgskulemora i landet vårt var Mix Anker. Ho gjorde det som var ukjent her fyrr: Fekk noko av heimelivet inn i skulen. Møta i heimen um kveldane med song, musikk og samtalar er noko av det elevane minnest best. Det fekk innverknad på dei utan at dei sjølvetenkte større over det då. I mange ting måtte ho vera lik vermor si, Trine Anker. Ho var idealist med den gleda og lukka, men og med den saknad og lengt som er ser merkt for slike.

Liksom so mange andre av Anker-ætta hadde ogso Herman Anker sterk interesse for England, for engelsk åndsliv og samfundsliv. I student-tida hadde han vore ein tur m. a. til Oxford; han fylgde alltid med i engelske blad, tidskrift og bøker og gjekk gjenom Englands-soga på skulen.

Samstundes med dette heldt Sagatun alltid ved lag sambandet med Danmark til hjelp i skule-arbeidet.--

I 1871, 60 år etter Grundtvig vart prest, var lærarar og elevar ein tur til Danmark, og fekk då m. a. høyra Grundtvig. Det var ikring 50 norske med på turen.

Til skulen kom mange framande både frå Sve-rike, Danmark og Finnland, men sjølvsagt var det mest norske. Der var store skulemøte og «vennemøder» som dei gjerne kalla det, i 1872 og 1885. På slike møte var Bjørnson alltid fyrste-mann, både medan Anker styrde skulen og seinare i Arvesens tid.

Millom dei som kom frå Danmark, var ogso syster til Mix, Ida Teresia. Ho var der fyrste gongen som 16-års gjente. I 1879 vart ho gift med Wollert Konoro på Tjerne.

Etter det Anker sjølv segjer var han mest lik mor si. Men han hadde ervt ikkje so lite av tron-gen hjå far sin til store tiltak ogso i det praktiske forretningslivet, noko som vi finn hjå so mange i denne ætta. Til dette kom at han måtte sjå seg um etter noko som kunde gjeva innkomer. Han hadde etterkvart fått ein stor huslyd å syta for. På skulen vilde det berre bli utlegg, større enn han frå fyrst av hadde tenkt seg.

Han bygde Hamar fyrstikkfabrikk, kjøpte skogteigar og fekk i stand den fyrste siktemylna i landet. Men alt førde berre til store tap. Forretningsmann som P. M. Anker var han ikkje.

Sagatun og dette andre tok til slutt heile farsarven hans.

Striden mot dei nye skuletankane heldt ved. I 1875 sette statsmaktene i gang andre skular for bondeungdom, amtskulane, som var bygde etter dei gamle, vanlege synsmåtane. Desse skulane gjorde det sers vanskeleg for dei frie folkehøgskulane. I 1877 gjorde Stortinget eit nytt vedtak, og etter det kunde det vera von um at

folkehøgskulane og kunde få statsstudnad, so båe skuleslaga kunde få arbeida på meir jamngode økonomiske vilkår. Dersom fylkestinga gav ei løyving til ein skule, fylgde staten med og gav det tridoble. Det var soleis ordførarane kringum i bygdene det kom an på. Fleire kjende og dugande skulemenn hadde no gått i gang med folkehøgskular kringum i landet, soleis Chr. Bruun og V. Ullmann. Alle desse nye folkehøgskulane søkte um tilskot sumaren 1877. Utfallet i fylkes-tinga syner kor mykje det endå vanta på at høg-skuletankane hadde vunne fram ute millom folket, eller i alle fall millom dei som målsmennene var. Skuledirektørane representera det gamle, og dei hadde ikkje so vanskeleg for å få andre med seg i denne saka. Alle fylkestinga, so nær som Nordre Trondhjem, nekta tilskot til folkehøgskulane. Skuledirektøren i Hamar, O. E. Holch, arbeidde i mot høgskuletanken og meinte det berre var ein illusjon dette å vilja skapa noko åndsliv hjå bondegutane. Fylkesskulenemnda gav Sagatun dette korte vitnemålet at «man efter sit kjendskab til Sagatuns virksomhed og de der-af sprungne frugter, fandt skolen uheldig». Bjørnson hadde då nettupp skrive sitt kjende dikt til Anker og Sagatun, «Hamar fyrstikker»; Arvesen og andre hadde tala og skrive um kor gagnlege og naudsynlege for bøndene slike skular var. Men det hjelpte ikkje. Hedmarks amtsting nekta tilskot til Sagatun 23. juli 1877 — 11 røysta for løyving, 13 mot. Dette hadde ikkje Anker venta, og han tok det tungt.

Det viktigaste i folkehøgskulearbeidet er slik at dei som skal bera det, treng noko både til kveik og varme. Utan dette har ein so lett for å missa modet, gå trøytt og gjeva upp. I dei 13 åra Sagatun-skulen no hadde vore i gang, hadde det vore elevar frå mest alle landsluter, over 700 i alt, ikring 260 frå Hedmark. Etter alt som her var gjort, skulde ein tru at dei styrande vildefinna at her var eit landsgagnleg arbeid, som både var verd studnad og hadde trong til det.

Bjørnson var rein optimist i sitt syn på dette og, slik som det kom fram i det fagre diktet hans.

— Det Anker hadde sått, blømde alt over heile landet.

Dette vilde folket vera takksam for og no syna hjartelag og varme.

Ein vilde koma til å kjenna, at i Noreg

«er varmeste sted på jord; det gir ikke bare sorger at en på dets fremtid tror.»

Det såg smått ut med takksemda. Anker var ikkje nokon hardhaus. Motgangen gjorde sin verknad. Han hadde ikkje fått

---«den fjæderpels

som tåler at overstænkes af bistert, brusende vand tilfjelds.»

Dette er likevel ikkje det same som at han vanta viljestyrke. Han hadde både mod og vilje til å segja meininga si anten nokon vilde høyra på honom eller ei . I «Over evne II» har Bjørnson sett honom eit minne som nettupp syner denne sida av huglyndet hans.

Tvo dagar etter denne avgjerda i amtstinget, skriv Anker eit ope brev, som syner at han både er sår og harmfull.

Han la ned Sagatun folkehøgskule med desse orda: «Høiskolesagen er ikke tabt med dette.Men får man trettet ud alle de bedste arbeidere for sagen, vil det vise sig, hvad bønderne har tabt.»

Arvesen kravde prov for den strenge og urettvise domen um skulen som skuledirektøren og fylkesskulenemnda hadde kome med. Men han fekk ikkje svar. Han vilde likevel freista halda skulen uppe. Kanskje det kunde gå betre i amtstinget næste år. Han kunde få husrom hjå Anker til han hadde fått bygt nye skulebygningar. Mange på Hedmark hadde gjeve lovnad um å hjelpa til med pengar. Men i juni året etter nekta amtstinget atter tilskotet, og Anker måtte no segja frå at han ikkje lenger kunde halda hus til skulen.

Sagatun vart nedlagt 1878. Arvesen reiste same hausten til Telemark og heldt folkehøgskule der.

Anker var no nærast ein fatig mann og måtte sjå seg um etter eit embete. Det måtte då vera so nær, at han kunde bli buande på Sagatun, so han kunde få greidd med alle sakene sine der. Ei tid tenkte han på å bli prest, men det var ikkje noko embete i nærleiken som han kunde ha von um å få. I 1885 vart han postmeister på Hamar og kom

no burt frå det upplysingsarbeidet som han hadde drøymt so stort um og ofra so mykje på. Motstandarane gledde seg og — mange spotta.

Då Arvesen hadde fått Ny-Sagatun reist ogfolkehøgskulen var i gang der, var Anker av og til på skulen, las upp, oftast drama, eller han tala over eit litterært emne. Han hadde eit privat bibliotek på Gamle-Sagatun på over 4 000 band; både elevar og lærarar fekk låna bøker av honom. Det var mest historisk litteratur og diktverk. Men noko anna skulearbeid var han ikkje med i. «Det var tydelig nok at se,» fortel Arvesen, «at Ankers hjerte fremdeles var ved skolens gjerning, og at det gjorde ham ondt at han ikke var der lenger.»

Herman Anker elska poesi og åtte stor evne til å rettleida ungdomen og vekkja skyn og kjærleik hjå elevane til dikting. Skapande diktar i vanleg tyding var han ikkje, og hadde heller ikkje store tankar um seg sjølv i so måte. Han skreiv mange dikt, m. a. brudlaupssongar til Ida og Wollert Konow, Katti og Kai Møller og til Karen og Johan Castberg.

Songane hans, som er lite kjende utanum ætta-krinsen, ber bod frå ein fin, religiøs mann med barnsleg tru og glede.

Den siste songen han skreiv, er tung og sår, som ein kan venta det, etter livstilhøva hans i dei siste åra. Mix Anker døydde 15. okt. 1892, og ikkje so lenge etter vart han sjuk. Nokon sterk mann hadde han aldri vore. Det siste året han livde, var han blind.

Då både dags- og livsljoset tok til å dimmest for honom, skreiv han:«Nu daler solen så sagte ned, mens skyggerne vokser og stiger.

O, den som kan sige: «Nu har jeg fred! kun mørket er det som viger.»

Jeg har jo i verden så meget set

både stort og skjønt ti>lige,

ja, seiv det største i verden er sket,

Vor Herre Kristi rige. —

Jeg takker dig, Gud, som lod mig se, at du dig vilde forbarme!

Jeg takker dig, Gud, nu lad det ske!

Din nåde er sol og varme.

Igjennem mørket lad mig da se, hvor nådens rige skinner.

Da ser jeg mer end de fleste se: det evige mørke svinder!

Min moders øine og smil og blik og de mange, mange, kjæres, og børnenes smil og gråd og nik, kan savnet av dette vel bæres?

Gjør som du vil, du kjære Gud, jeg hviler i dine arme, når verdens sol for mig går ud, da vil du dig just forbarme.»

Han døydde 9. februar 1896 på Torsøy herre-gård i Austfold hjå dotter si Katti, gift med godseigar Kai Møller.

Mix og Herman Anker kom med noko nytt og varmt i ei kald tid til eit hardt og kaldt folk.

Bjørnson har skildra det slik som ein stor diktar ser og kjenner det: «Jeg ser hende (Mix Anker) for mig som hun var, da jeg så hende før-ste gang,» segjer han i den store talen sin på Sagatun 15. sept. 1901 — altso ikring 40 år seinare. — «Min hustru og jeg kom fra vor første udenlandsreise og var stanset op i Kjøbenhavn for at være med og indvie det nye studenterhjem. Da kom der mod mig en ung, vakker, lys mand. Han førte hende ved hånden, og de kom hen til mig. Det er siden blevet et sindbillede for mig. Om jeg idag kunde male et billede af oplysningens engel, ikke videnskabens, den er strengere, den har det attiske ved sig — men den oplys-ningens engel, som er formidlingen mellem viden-skaben og livet, dens kvindelige del, den som går til fantasien og hjertet, og som

udfra disse skaber karakter, den lyse engel med de fakkel-bærende øine og den milde mund med smil om

— jeg tok hende. Aldrig har jeg set noget fag-rere!

Han — som han stod der ved hendes side — ja, om Norge den gang skulde kåret en udsen-ding, såvist som det gjorde det, men ubevidst, som skulde bede om mere lys og varme, de kunde ikke fundet en skjønnere, en sterkere lyrisk stemt sjel end hans, den lyste fra hans øine, to-nede gjennem hele hans væsen.»

Det biletet av desse tvo, som ungdomsvenen og diktaren her har gjeve, er historisk sant og står i samsvar med det soga vil gøyma.*Mix og Herman Anker.*

OLAUS ARVESEN

1830—1917.

Arbeidet på Sagatun dei fyrste åra var ikkje so fåfengt som det kunde sjå ut til. Skulen hadde fått mange vener på Hedmark, og dei harma seg over det amtstinget hadde gjort. Mange av desse kom saman og bad Arvesen halda fram med skulen. Ei innbjoding vart send ut til å teikna upp til 40 000 kr. til rentefritt lån eller gåve til Arvesen, so han kunde reisa nye skulebygningar. Dersom han kunde skaffa plass, skulde dei byggja hus.

Dei fekk byggetuft nær Anker, og der vart *Ny-Sagatun* reist.

Ankers verbror, *Konoro* på Tjerne, *Helge Wæringsåsen* i Elverum, *Ole Tommelstad, Even Glestad* o. fl. hjelpte til med dette.

Medan dei bygde den nye skulen, arbeidde Arvesen i Telemark.

Då skulen var ferdig, kom han att til *Ny-Sagatun* og var her heile si tid seinare.

Olaus Arvesen var fødd 26. sept. 1830 iOnsøy i Austfold på ein av dei ytste oddane som stikk ut i Skagerak. Her ligg eit lite bruk, Bu-vik, på lag rett aust for Færder fyr, so nær havet at drivet står høgt over hustaka i stormvér frå vest.

Då guten var 1 år gamal, flutte faren til ættegarden sin, Skåre, lenger aust i bygda, tett ved Glåmosen. Faren, Arve Olsen Skåre, var ein trottig fiskar og dreiv mykje på sjøen attåt det vesle gardsbruket. Han sat trongt i det. Det vart vanskeleg nok ogso etter at dei var flutte til Skåre. Han sat i stor skuld og hadde ein stor huslyd å syta for. Vanleg var han uppe kl. 5 um morgonen og i arbeid til seint på kvelden saman med sønene, i onnetida. Han fekk likevel tid til å lesa «Morgenbladet», og i kvilestundene fortalde han husfolket um det som gjekk for seg ute i verda. Det var tvo menn han interessera seg for fram um alle andre: Ole Gabriel Ueland og Ludvig Kossuth (Ungarn).

Mora stelte heime utan tenestegjente — det hadde dei ikkje råd til å ha — i kjøken, fjøs og grisehus. Det var vel ikkje alltid so lett for henne. Ho hadde sét betre dagar, dotter til provst Ole Røhmer Aagaard Sandberg i Onsøy.

Arve Olsen var ein flink og vakker kar, som både las og skreiv godt, so det var på tale å få honom til umgangsskulelærar i bygda. Han hadde interesse for ting som låg langt utanfor bygde-livet. Dette visste gamleprovsten, og det ser ut til at han ikkje hadde so mykje imot at dottera, Antonette Christiane, gifte seg med bondeguten. Ho var ogso interessera for litteratur, las Holberg, Wessel og Wergeland, so langt ho kunde få tid til slikt, lærde Olaus lesekunsta, so han og kunde få lesa desse. Holberg likte han godt og kunde alt i konfirmasjonsalderen lange ramser både av Nils Klim og Peder Paars utanboks. Wergeland derimot kuude han ikkje greida då.

Han gjekk på ålmugeskulen heime, som var skrøpeleg nok i den tida. Men seinare fekk han gå eit år på skule i

Fredrikstad, og han var kram-budsvein der ei tid. Hugen stod til sjøen. Dei mange skipa på hamna i byen lokka til utferd og til framande land. Men mora vilde han skulde gå skulevegen. Han kom inn på Asker Semina-rium hausten 1848.

Seminariestyraren då var Knud Gislesen. Han var bondegut frå Telemark, lærd teolog, dugande skulemann, høgtideleg og ålvorsam og heldt so streng disiplin at gutane var redde honom.

Tri år fyrr Arvesen kom dit, hadde Aasmund Vinje gått ut frå skulen, og det gjekk endå mange soger um honom og styraren.

Arvesen gjekk ut frå seminariet med rein 1 i alle fag so nær som i song, her fekk han «Temmelig godt», ein karakter som faren var svært undren over. Etter språkbruken hans tydde«temmelig godt» framifrå, venteleg beste karakteren av alle saman, og han visste at Olaus ikkje kunde syngja.

«Kan døm gje' deg temmelig godt i sang,» sa han, «så forstår jæ itte hå døm andre karaktera dine er værd.»

Etter eksamen var Arvesen tri år huslærar i Sogn, kom so til Oslo for å studera, tok den kortaste vegen som var å finne til å nå fram til studenteksamen: Heltbergs studentfabrikk. Han kom inn her eit par år etter at Bjørnson, Ibsen, Vinje og Jonas Lie hadde gått der.

Arvesen fann Heltberg likeso makelaus som desse andre. «Det var en meddelelsesevne, som jeg ialfald aldrig har hørt maken til,» segjer han. Men han hadde alt då sterke tvil um det verde slik fabrikk-undervisning kunde ha utanum eksamen, og det hadde Heltberg sjølv og. «Jeg bare kalker dere, gutter,» sa han. «Når dere kommer ud fra eksamen, så dryss det av dere alt sammen!»

Etter iVz år fekk Arvesen artium, i 1885. Han hadde lita råd, og i dei næste sju åra måtte han vera lærar ved ymse skular i Oslo samstundes med at han las til teologisk embetseksamen. Han fekk noko pengehjelp av professor Thorleif Schelderup og morbroren, verksstyrar Sandberg.

Dei fyrste venene han fekk herinne var Ole Vig og Bjørnson.

Når det kunde høva og han hadde ei stund til-overs, gjekk han på stortingsgalleriet i den gamle stortingssalen og vart serleg teken av Johan Sverdrups talekunst. Politikaren og folketalaren skulde bli, lærde her mykje som han seinare fekk nytte av.

Elles fekk han i desse åra til umgangsvener mange av dei fremste mennene i tida, slike som Bjørnstjerne Bjørnson, Ole Vig, Eilert Sundt, Ivar Aasen, Aasmund Vinje, Henrik Ibsen, Jonas Lie, Ludvig Lindeman o. fl.

For den gåverike og sterke mannen stod no mange vegar opne. Det drog vel i ymse leid i dei fyrste studentåra. Men etter møtet med Anker i 1858 og vinteren i Kjøbenhamn såg han den vegen han skulde gå og fylgde den sidan.

Arvesen hadde lett for å taka i mot og bli påverka av andre. Men det han kunde få av alle sine store norske vener, kom likevel ikkje upp mot det han tok i mot frå Grundtvig; han måtte ha ei reint merkeleg makt over folk.

Bjørnson var ikkje serleg audmjuk og blyg av seg. Men andsynes «den største ånd i Norden», kjende han noko som han viljugt bøygde seg for. Ein kan då lett skyna kor sterkt Grundtvig måtte verka på andre. Mange unge danskar som seinare vart millom dei fremste i landet, var beintfram redde honom. «På mine spørgsmål om ham,» skriv Arvesen, «afgav disse ungdommer (Schrøder, Nørregaard, Trier og m. fl.) meget snart den bekjendelse at de var grundtvigianere,men at de dog meget sjelden hørte Grundtvig, da de var bange for at bli uselvstændige. Jeg husker så at jeg, med al den evne jeg eide, frem-holdt for dem hvor unaturlig, ja uforsvarlig det var ikke at høre på Grundtvig, som jo boede midt iblandt dem, og hver søndag forkyndte ordet borte i Vartov kirke. Om f. eks. Martin Luther hadde levet nu i dag, hvor vilde ikke en mengde af os ha reist ned til Wittenberg forat høre denne åndskjæmpe, kanske også få tale med ham? Grundtvig er jo nu en gammel mand (han var den gongen 76 år). Om nogen år er han ikke mere. Hvor vil I ikke da angre Eder over, at I ikke hørte på ham, mens han levde! Først når I seiv har hørt ham, kan I bære vidnesbyrd både om ham seiv og om hans lære.»

Etter at Anker og Arvesen hadde fått teologisk embetseksamen, tok arbeidet for den nye skulen til for ålvor. Men det gjekk smått ei stund. Den dansk-tyske krigen 1865—64 hindra Anker frå å koma heim frå Kjøpenhamn. Han var uppteken med basarar, innsamlingsarbeid og nordmenn som vilde melda seg til krigsteneste og skulde ha upplysingar um mange ting. Heime fekk Arvesen arbeid med å skriva i aviser og greia ut um kva dei vilde med skulen, og svara innsendarar, som for det meste var anonyme.

Skular som skulde gjeva bondeungdomen meir upplysing enn barneskulen, kunde vera bra nok, meinte dei, når ein berre kunde «bli til noko» et-ter å ha gått igjenoxn ein slik skule. Men det kunde ikkje nokon lova. Dei fleste bønder syntest at skular, som ikkje kunde føra til ein leveveg, var noko tull. Vilde ein evnerik bondegut «lenger fram», so hadde vi landbruksskular, un-derofficérskular, seminar og slikt. Ein tenkte berre på den nytta fagdaninga kunde gje. At alle treng «ein ålmen åndeleg underbygning», som Vinje seinare skreiv um, hadde dei fleste vanskeleg for å skyna.

Det var og dei som tenkte onnorleis. I allfall fekk skulen mange elevar fyrste vinteren og dei næraste åra utetter.

I 1865 vart Arvesen gift med Sofie Marie Stangeby frå Onsøy, dotter til skipsreidar Nils Stangeby. Ho vart høgskulemor etter at Ankers slutta og var til stor studnad for skulen, tok seg av elevar som vart sjuke og såg til dei på andre måtar. Um ho ikkje hadde upplæringstimar på skulen, fekk ho mykje å segja for elevane, intelligent og skynsam som ho var. Ho tala med dei når noko stod på, og gav råd i det vande spursmålet um kva veg ein skulde slå inn på i framtida.

Sagatun hadde i dei fyrste åra mange elevar frå Telemark. Etter innbjoding frå fleire av desse, kom Arvesen og frua ein tur til Seljord i pinsa 1878. Han heldt tri foredrag der og reiste sidan til Vigmark ved Grimstad, der Viggo Ullmann heldt folkehøgskule. Der var få elevar,men på foredragsmøta var det alltid mykje folk. På Vigmark varde slike møte upp til 14 dagar, so det var eit slag folkehøgskule det og. Når Arvesen og Ullmann skulde halda foredrag, reiste folk lange vegar for å høyra dei.

Arvesens pinsemøte i Seljord førde til at han reiste dit og heldt folkehøgskule vinteren 1878— 79 (1. novbr. 78 til 8. april 79). Han leigde hus til seg og skulen på garden B jørge, som ligg lognt til under Lifjell på nordvestsida av Seljordvat-net.

På Bjørge hadde Arvesen tvo store salar og 80 elevar den vinteren. Medlærar var Oddmund Vik frå Hardanger (seinare stortingsmann, statsråd og fylkesmann) og nordlendingen P. Pedersen.

Telemarkingane er uppvakte, livlege folk med stor vitelyst og sans for poesi.

Dette var noko for Arvesen, som var van med dei meir tungføre heidmarkingane, og gjorde telemarksåret til «det mest fornøielige skoleår jeg har oplevet».

Folkehøgskulen kom med mykje nytt og vart til åndeleg frigjering for mange frå myrk, trong pietisme, men førde og til ein uhyggjeleg strid. Den naturlege samanhengen millom det kristelege og det menneskelege etter folkehøgskule-synet var hovudspursmålet.

På Hamar hadde Arvesen og Anker so ofte havt strid um teologiske og pedagogiske spurs-mål, mest med lærarane ved det nye seminaret.Men dette hadde gått meir fredeleg til enn det Arvesen kom upp i, då han var i Telemark.

Sundag etter nyår, 5. jan. 1879 preika han i hovudkyrkja i Seljord og tala um tru, von og kjærleik. Ikkje eit menneske er so grunnfor-derva at det ikkje har noko av dette. Det finst botevon for alle; for alle menneske har noko av gudsbiletet i seg.

Presten Th. Fr. Barth var ikkje i kyrkja, men tvillingbroren hans, Aug. Barth, fut i Øvre Telemark, ein endå meir trong pietist enn presten, høyrde på og vart forferd. Dette var Grundt-vigs kjetteri, som ein måtte vera på vakt mot. Den rette kristendomen lærer at gudsbiletet er tapt ved syndefallet.

Arvesen vart etter dette nekta både kyrkja og skulehuset i Flatdal til å tala i. Bygdefolket fann ingen

vranglærdom i det han tala og var glad i Arvesen. Det vart då halde eit stort folkemøte på Bjørge. iKring 500 var møtt fram. Presten skulde forsvara seg, men det gjekk dårleg for honom, tykte dei. Det vart skrive eit protest-skriv, og 400 vaksne seljordingar — millom desse alle medhjelparane og heile heradstyret — skreiv under. Men det hjelpte ikkje; presten nekta framleis kyrkja, og han tok no til å reisa kring-um og halde religiøse møte og beda folk um å akta seg for den fårlege skulen på Bjørge.

På ekte telemarksvis vart det dikta um det dei var upptekne av, skjemtevers og ålvorsame dikt.Ei vise um striden med presten Barth kan folket i bygda endå. Ho bar dette umkvedet:

«Og presten vår sann som et får sann

og ikke som en hyrde blandt oss går sann.»

Seljord-diktaren Jørund Telnes skreiv m. a.:

«Eg synest gildt å vera der storm i segli riv, der er det noko gjera, der leikar ånd og liv.»

Striden i Seljord gjorde at Arvesen snart vart kjend over heile Telemark, so han hadde ikkje vanskeleg for å få både hus og folk til foredrag. Han var ein heil månad på foredragsferder i Kviteseid, Brunkeberg, Lårdal, Vrådal, Fyresdal, Flatdal, Sauland, Heddal og Tinn.

Dei vilde få honom til å slå seg ned i Telemark og reisa ein folkehøgskule der, men han hadde bunde seg til Hedmark. I staden fekk dei V. Ullmann til å koma til Seljord.

Våren 1879 kom Arvesen til Hamar att, og då var arbeidet med skulen på Ny-Sagatun kome langt. På ei stor stemne 10.—12. august gav O. Hjemstad på vegner av høgskulevener dei ny-reiste husa til Arvesen. Ludvig Schrøder på Askov heldt opningstalen. Frå 1879—1892 heldt Arvesen no folkehøgskule med eit lite tilskot frå fylke og stat og heldt soleis fram med det som Anker hadde vore nøydd til å leggja ned.

*cKun der har livet skole, hvor folket merke kan at stråler går fra sole til lys for alle mand.

Eter signe Gud hin milde hvert ord som i sin flukt har hjertet til sin kilde og lyset til sin frukt!»

C. J. Brandt.

Det skuleprogrammet som dei fyrste høgskule-menn sette upp og som dei og andre freista gje-nomføra, har vi i grunnen i dette verset av den danske skulemannen og diktaren. Mange andre har sunge um det same, forma ideane på andre måtar, millom desse O. Arvesen. I skulesongane sine har han ført tanken vidare, soleis i songen: «Frihed er det beste ord.» Åndslivet og hjarte-livet må få utvikla seg fritt.

Det nyttar ikkje å kommandera nokon til å verta glad i noko. Det som ein vert glad i og gripen av i ungdomen, det arbeider ein best for i manndomen, og det ber ein uppe.

<Så skjøn en drøm ei findes som den på ungdoms strand, om arven som skal vindes i åndens fædreland,»

syng Arvesen i ein annan song.

Hovudfaga hans var norsk, soga, litteratur og dertil «frie foredrag».

Noko av det elevane hugsar best, er dei timanedei hadde til stilrettingar. Alle som har arbeidt i folkehøgskulen, veit at elevane i den fyrste tida er svært høgtidsame i stilane, ofte bombastiske og har mykje etterlikning. Dei evnerikaste, dei som vert dei beste til å skriva for seg seinare, er ofte dei verste i den leida. Arvesen kritisera alt som var uppskruva, unaturleg. Dei beste stilane fekk mest kritikk. Det undra elevane seg over, men berre fyrst i skuleåret. Dei skyna snart at det var eit godt merke på ein stil, at Arvesen tok fat på han. Var det ein som det ikkje var noko ved, retta han berre formfeil og gav han frå seg att utan å segja noko større.

Som bondegut kjende han so godt til kor lite dei fleste 17—18-åringane har lese, kor få forestel-lingar utan um kvardagslivet dei i det heile har å arbeida med. Han synte stor skynsemd mot alle desse som soleis hadde vanskeleg for å grei-da det skriftlege. — Ein som seinare, vart ein kjend bladstyrar, gjekk på Sagatun. Han fortalde, at han eingong hadde skrive ein stil som han var svært redd for. Men Arvesen sa berre: «Du kan komme

til at skrive godt du, når du bare får noget at skrive om. Dette er ikke rare greiene, men det skal du ikke være så lei for.» Dei næraste åra fyre og etter riksretten i 1884 vart det agitera mot folkehøgskulane m. a. med at dei dreiv so mykje med venstrepolitikk. Verst skulde det vera på Sagatun. Amtsskulestyret i*Arvesen frå yngre år.*Hedmark fekk melding um at dei måtte passa på denne skulen. Både i historietimane og i andre timar «blei det agitert mod unionen med Sverige», vart det sagt. Arvesen brukte å skriva stil-uppgåvone upp på veggtavla. — Ein dag i 80-åra gav han denne uppgåva: «Hvad opnåes ved unionen med Sverige?» — Dagen etter retta han det til: «Hvilke fordele opnåes ved unionen med Sverige?» — Ein elev (ein gudbrandsdøl) hadde brukt den fyrste forma og i stilen berre skrive til svar: «Forviklinger.» — Arvesen hadde moro av dette, og synte stilen til Bjørnson, som då var der. — «Det er en aldeles udmærket besvarelse,» sa han.

I eit foredrag hadde Arvesen sagt: «En konge uden folk kan ikke bestå; men et folk uden konge kan godt bestå, som historien viser os.» — Dette var f årlege ord i dei dagar; det var då beint fram å agitera for republikk. Amtsskule-styret kom til skulen for å kontrollera. Men det kom ikkje noko ut av den visitasen.

På Sagatun var soga det viktigaste faget. Der kunde ein få med alt som låg læraren på hjarta, ikkje minst når det galdt gudelege spursmål. Dei hadde ikkje fånyttes gått i skule hjå Grundtvig, som har skrive: «Historien omfatter menne-skeslegtens merkverdigste ord og gjerninger, hvori menneskenaturen åbenbarer sig og hvortil alle videnskabelige fremskridt høre, så at almenneskelig videnskab er i grunden historisk.» Korleis ein skal undervisa i soga, har det vore og er det endå ulike meiningar um.

Ein metode er: Fortelja eit stykke, gjeva det i lekse, eksaminera i næste timen, osfr. på same måten. Ein annan: Fortelja i samanheng heile timen, halda på med dette i 2—3 viker til ein kjem til eit tidskifte, stansa der, gjeva det heile i lekse og eksaminera eller samtala med elevane um det ein har gått igjenom. Ein tridje: Berre fortelja, og leggja all si kraft og evne i dette, kanskje taka ein og annan timen til samtale med elevane og få desse til å spyrja. Berre å gjeva lekser og eksaminera er det vel ikkje nokon som brukar no lenger.

Sume lærarar driv mykje med å diktera «oversikter og historiske utviklingslinjer» og vil soleis som Peer Gynt «skumme historiens fløde».

Eit likeso vanskeleg spursmål er kor mykje ein skal taka med.

Arvesen vilde helst berre fortelja, og brydde seg mindre um lekser, overhøyring og eksaminasjon. Han vilde fyrst og fremst vekkja interesse for soga, gjeva elevane noko å tenkja på og leggja eit grunnlag som dei kunde byggja framhald på sjølve.

Chr. Bruun skriv um dette: «Blandt dem som leder landets skolevesen, lader det til at man fin-der at de mundtlige foredrag dog ikke rent bør undværes i en skole for unge bondegutter. Menved siden av skal man sikre sig en ordentlig «kundskaps-tilegnelse» omtrent som det sker ved de offentlige skoler, ved lekser, overhøring og eksamener. Man vil på en gang opnå forde-lene ved begge fremgangsmåder. Man vil have det mundtlige ords vekkende og livmeddelende påvirkning og på same tid ikke miste noget av kundskapsmengden. Det kan ligge nær nok at slå ind på en sådan mellemvei. Men det er ofte ikke nær så let gjort som sagt at forene det man holder for det gode ved de to forskjellige retnin-ger. I de første år jeg holdt høiskole, fristede jeg på dette. På samme tid som jeg fortalte historie, søgte jeg ved overhøring at sikre mig at mine til-hørere efter en bog lærte hovedindholdet af det jeg havde fortalt. Men mig lyktes det ikke at nå frem til den rette «enhed mellem modsætninger-ne>. Tvertimod. Det var ikke langt fra at jeg

gik glip af begge dele.--Jeg har da ikke kun-

net få lækselesningen til at gå sammen med den levende tale til de unge. Og jeg er overtydet om at dette ikke skriver sig fra en tilfeldig mangel på dygtighed hos mig. Det ligger i sagen seiv, og andre vil støde på de samme vanskeligheder som jeg.» — Bruun slutta med lekser og eksaminasjon og berre fortalde. Upplæringa skulde vera noko av ei forkynning.

Ullmann tok det på same måten i høgskulen, og for det meste i lærarskulen og.

Bjørnson var svært uppteken av korleis einskulde undervisa i historie både i barneskulen og i folkehøgskulen. Både diktverka hans og dei mange foredraga kringum i bygdene syner det.

Bjørnson og Arvesen var ein gong saman på ei foredragsferd upp gjenom Østerdalen og sat i same kupé og tala um skulespursmål.

«Hvordan tar du det nu i historien, Arvesen,» spurde han. Han fekk høyra um det. Arvesen brukte fortel ja. — «Ja, var jeg dig,» sa han, «da vilde jeg foran hvert nyt foredrag bruge mindst 10 minutter til at sætte elevene ind i tråden fra før, så de bestandig fik følelsen av at historien altid er en levende strøm og ikke består av små-stumper uten sammenhæng. Det er jo voksne mennesker du underviser, og den voksne kræver sammenhæng i tingene. Med barn er det noget and et, dem må man fortelle det stumpevis, som man fortæller eventyr; for dem er det historiene som er det morsomme, ikke historien. Et folks udvikling med alle dertil hørende årsager og virkninger ligger ikke for den alder. Sålænge de lever i eventyrets alder, må de ikke forklusses med betragtninger og vidtløftigheder. Det er fantasien som da er den sterke magt i dem, og som kræver stof. Når forstandsalderen indtrær, kommer der en ny trang, trangen til sammenhæng i stoffet.»

At menn med framføringstalent som Arvesen og Ullmann berre fortalde, er lett å skyna. Det kunde liggja nærare for Bruun å eksaminera,samtala, i det heile koma med spursmål. Det fylgde alltid noko sokratisk med honom. Men han og tok historieundervisninga på same måten som dei andre tvo. Ein fast metode er det vanskeleg å setja upp. Det kjem an på korleis både læraren og elevane er og kor lang tid ein har.

Då Arvesen var 70 år, gav Ullmann denne skildringa av honom som historielærar: «Og så var det hans fortællinger av Norges historie! Her var han første mand i landet. Slig som han kunde fortælle om Asbjørn Selsbane eller Norge i 1814 — jeg nevner disse to emner, fordi jeg seiv hørte ham tale om dem, og de endnu står for mig som prentet i mit minde — således tror jeg ingen i mundtlige ord har tolket vor historie. At Arvesen er en kunstnernatur, det har han vist i sine digte, og det har brudt frem hos hans søn Arve. Og kunstverker, på en gang poetiske og plastiske, var disse hans sagafortællinger. Men det, som dog måske slog en, når Arvesen fortalte, var dette kavende norske bondehumør, som byfolk sjelden har nogen anelse om eksisterer en-gang, men som man snart, når man i omgang kommer landsfolk nærmere ind på livet, forstår er en af østlandsbondens sterkeste sider. Det er dette humør, denne indvortes glade og fornøie-lige latter, som Arvesen har taget i arv fra sin smålenske bondebygd.»

Dei beste stundene i skulesalen på Sagatun var når Arvesen i foredragstimane sine kom inn

4 — Fire folkelærar»r.på moralske eller religiøse spursmål og den indre fridomen, det einaste som kan lyfta eit menne-skje til det høgste og den høgste. Når han kom litt ut i foredraget, brukte han sume tider å taka lorgnetten av og leggja han ned på katetret. Elevane visste då at han hadde noko serleg på hjarta, og det vart so underleg stilt og høgtidsamt i salen. Alle hadde kjensla av at det no var noko høgt og heilagt han hadde å gjeva dei.

Det er ungdom i den vanskelegaste og fårlega-ste alderen folkehøgskulen får å arbeida med. Og sidan det vart sams skule for både gutar og gjenter, har ikkje vanskane vorte mindre. Ofte er det svært vanskeleg å finna den rette måten å taka det på. Skal ein gjeva mange eller få reglar? — kanskje ingen? — I det heile: Kor streng bør ein vera? Arvesen gav ikkje mange reglar til dei unge. Det var berre desse tri: Ikkje drikka, ikkje gå i byen (Hamar) um kveldane, og ikkje leika kjæraste.

Ein høyrer ikkje um større uppstyr på folkehøgskulen, korkje då eller seinare. Når ein ungdom får mykje nytt å tenkja på, held det burte frå det som er gale. Å vita at styraren når han vil, kan visa ein elev burt, gjer vel og sitt til at dei lærer å akta seg.

Eksamen eller noko som likna det, var det ikkje på Sagatun. Skulen var for livet, og ein visste at det beste som dei hadde fått, kunde ein ikkje syna fram på kommando.Det er ofte slik at dei største og mest evnerike talarane har vanskeleg for å tala med den einskilde. Både Grundtvig, Schrøder, Bruun og Ullman hadde det på den måten — Arvesen derimot kunde tala like lett og like godt anten han stod på talarstolen eller han sat ved eit bord i privat samtale.

Ullmann var mykje i saman med Arvesen og lærde visst mykje av honom. Men å føra personleg samtale med elevane, det lærde han aldri. Det er sikkert med tanke på seg sjølv han skriv i 1899: «Jeg kjender ikke mange som har denne misundelsesverdige samtalens nådegave, således som Arvesen, evnen til time efter time at kunne holde interessen fangen hos den eller dem han sidder sammen med.»

Dette fekk elevane nytte av utanfor skule-timane, t. d. ved middagsbordet. Til Sagatun kom so mange av dei fremste i si tid, i litteratur, i kunst og politikk, og timane ved bordet der Arvesen styrde samtalen, det var noko som feste seg hjå elevane.

Fleire gonger i månaden fekk Arvesen og frua til festar på skulen med musikk, song og talar. Dei inntrykk elevane då fekk, hadde kanskje likso mykje å segja for mange som sjølve skule-timane.

Stor fest var det når Bjørnson og fru Karoline kom. Dei kunde sume tider vera ein 14 dagar eller so på Sagatun. Um dagen var Bjørn-son uppteken med arbeid — dikting, politikk eller kva det kunde vera. Han hadde so mange jarn i elden. Men um kveldane fekk Arvesen honom med inn millom elevane. Og når han tok til å tala eller fortelja, vart det stilt i salen.

Både i og utanfor skuletimane vart dei unge førde inn i noko heilt nytt, som dei aldri hadde tenkt seg. Det ein elev frå 1880-åra skriv, er sikkert uttrykk for den kjensla dei hadde alle som kom der i den beste tida: «Skoletiden min ved Sagatun regner jeg til mit livs lykkeligste dager. Det var som hver dag å stå ved et stort, åpent vindu og se ut i åndens vide verden.» (J. From.)

Arvesen hadde uvanleg lett for å gjeva tankane og kjenslene sine form både i tale og skrift. Det er sagt at um ein vekte honom upp midt på natta, so skulde han kunna stå upp og halda eit timelangt foredrag med det same, og eit godt foredrag. Han kunde finna fram i minnet det han hadde bruk for, skipa det og gjeva det form etter kvart han tala.

Arvesen fortel um Grundtvig, at når ein vilde tala med honom, so vart det til det at han kom til å tala berre sjølv. Noko av det same var det med Arvesen og, då han vart eldre.

Ein gong kom eg til å reisa saman med Axve-sen frå Vinstra i Gudbrandsdalen til Hamar. Det var i 1903 eller 04. — Han spurde litt um tilhøva i Gudbrandsdalen, um folkehøgskulen ogslikt, men tok so til å fortelja um Sagatun og arbeidet på Hedmark. Det varde heile tida heilt til Hamar med 10 min. frikorter på Lillehammer st., der vi fekk oss litt mat. Det var ikkje samtale. Han kunde godt stade på eit kateter og tala plent det same der.

Arvesen har dikta mange songar som no er kjende og brukte i skulane over heile landet. Mest brukte er vel: «På Eidsvoll stander en sagahal», — «Nødig siger vi farvel» og «Fremad en verdens vilde røst». Det ser ikkje ut til at han har havt store vanskar med å skriva songane. Det var ei naturleg utløysing for ei stemning, som det er hjå lyrikarane. Ein av dei mest kjende songane «Fremad er verdens vilde røst», skreiv han i 1861 som takk til danskane då han og Anker reiste frå Danmark.

Songen i fyrste form tok til slik:

«Se skibet iler nu rask fra havn, de nordmænd skal hjemad vende.»

og er på 10 vers.

Fire år etter, då Arvesen heldt brudlaup, las Frits Trier (bror til den kjende høgskulemann Ernst Trier) dette diktet upp. Arvesen tykte det var vent og spurde kven som hadde skrive det; og han vart undren då han fekk høyra at det var han sjølv. Han fekk ei avskrift av det. Dei si-ste 6 versa («Fremad er verdens vilde røst» o. s. b.) vart den kjende folkesongen. I 1873 dikta Ludv. Lindeman melodi til songen. Og både tekst og tone vart kjend over heile landet.

Han la ned Sagatun då han vart vald til stortingsmann frå Hedmark i 1892. Dei næste 25 åra levde han som politikar, bladstyrar og forfattar. Han møtte ogso på Stortinget 1896—97 (som varamann), og styrde «Oplandenes Avis» til 1905.

Etter den tida skreiv han ikkje noko større um politiske saker. Folkemøta som fyrr hadde vore største hugnaden hans, brydde han seg heller ikkje større um no. Som dei fleste gamle menn trudde han at det ikkje kunde bli so som då han var med og stod i si beste kraft. Dei unge var ikkje so mykje tess.

I 1907 skulde det vera eit stort møte på Lillehammer — Almannamøte vart det kalla — det same som Arvesen vilde kalla «oplysningsmøde». Både politiske og andre spursmål skulde fram. Millom talarane var V. Ullmann, J. Hirsch, Johan Castberg og eit par yngre menn. Eg møtte på Lillehammer stasjon for å taka mot Ullmann; han skulde vera fyrste talaren. — Millom dei som kom med toget, var ogso gamle Arvesen. «Hvad er egentlig hovedtanken med dette?» spurde han. «Jeg skal ikke til dette mødet, mit erend er, at se Maihaugen. Hvem skal tale, og hvad skal de tale om?» Eg fortalde det. «Kom*Arvesen som gamal.*nu og bli med du også. Det vil du ha godt av, og de andre likeså, særlig dersom du vil delta i forhandlingene,» sa Ullmann. «Jeg vil komme og høre dig. De andre kan det være det samme med,» svarte han.

Han høyrde på Ullmann, men heller ikkje på fleire.

Det meste av det han har skrive, finn ein i «Kristelig Folkeblad», og i «Oplandenes Avis»; men han skreiv og i ymse andre blad. Songane har gjort namnet mest kjent, og desse er det vel, som vil leva lengst etter honom. Mange har lenge vore kjende og brukte både i barneskulen og folkehøgskulen.

Dei største bøkene hans er: «Erindringer» (1912), «Samliv med landskjendte mænd» (1915), «Vågåpresten, folkeopdrageren Provst Hans Peter Schnitler Krag og hans samtid» (1916) og «Erindringer fra min kamptid» (1917). Den siste fekk han ikkje ferdig. Son hans, advokat Wilhelm Arvesen, gav ut det som var reinskrive. — Han døydde på Ny-Sagatun, 1. juli 1917.

I sitt lange liv arbeidde han for mange saker. Det gjekk ikkje alltid so lett som han hadde tenkt seg. Men han hadde eit uvanleg lett hovud og eit ljost sinn, og det hjelpte honom over alt. Det han som gamal mann skreiv um seg sjølv, står i samsvar med det vi kjenner frå arbeidet hans:«Livet var lyst at leve. Kun litet mig gik på skjeve. Det meste var mig fra dag til dag til lys over livet og til behag. Vrangheder var der jo nok av, Kampe også en skobs av: Men over det alt og over mig selv løftet sig alltid et himmelhvelv.»

Han kom aldri burt frå livsuppgåva si. Noko av det fyrste han skreiv um offentleg, det var ei utgreiding um folkehøgskulen. Og det siste som kom frå pennen hans 54 år etter, det sviv um det same. Vi finn her den same sterke trua på desse tankane og den same ljose vona um at det gode skal sigra over det vonde.

CHRISTOPHER BRUUN

1839—1920.

Når eg tenkjer på Chr. Bruun, kjem alltid det biletet fram som feste seg i minnet fyrste gongen eg såg og høyrde honom: Skulestova på Vonheim i Gausdal, høgt under taket, ope heilt til mønet som i dei gamle norske bjelkehallene, eit stort langbord midt på golvet, rundt veggene faste langbenker og ein benk på kvar side av bordet. Ein liten mann med langt, tett, brunt hår, langt skjegg, ullkrage og grå vadmålsklæde står ved øvre bordsenden og talar. Han har ingen ting uppskrive, ikkje ei bok, ikkje ein papirlapp. Han talar greidt, kvart ordet tydeleg, korte setningar, den eine tanken bygd på den andre, men langsamt, tungt. Sume tider stanar han, leitar etter kva han skal segja, høgre handa trivlar ustødt etter klokkekjeda. Men det er ikkje minste uro eller nervøsitet over mannen; han står der so stød og roleg. Og so kjem det, fast og tungt. Det er eit foredrag med mange tankestrek.Åhøyrarane på benkene rundt um sit dørgande stille, gripne av dei tankane han fører fram. Eg hadde tenkt å referera alle Bruuns foredrag som eg fekk høyra, men gløymde det. Ingen annan heller freista skriva upp noko. Dei berre lydde etter. Han har eit langt, smalt andlet, som synest endå lenger med det lange skjegget; ein kraftig nase går i eitt med ei fast, høg panne, augo djupe, under sterke bryn. Ein må tenkja på ein ørn.

Slik måtte ein av dei gamle profetane ha set ut.

Han står der nede på golvet og talar. Men for oss på benkene er det som han stod høgt uppe og tala ned til oss frå ein høgre heim.

Både mannen sjølv, talen hans og måten han talar på, gjer at ein må fylgja med. Vi visste at han hadde levt i samhøve med det han lærde, sett livet inn for ei sak som hadde gripe honom i ungdomen: Friviljugt vore med i krigen, seinare reist sin eigen skule for bondeungdomen og halde ut i arbeidet og havt mange vanskar.

Å få sjå honom, høyra honom, tala med honom, taka honom i handa — berre det var høgtid og fest.

Slik er det biletet dei fleste har av mannen i den tida han var i folkehøgskulen.

Den ungdomen som då høyrde Bruun, gløymer honom aldri.Arbeidslivet hans fell i tvo bolkar, på lag 25 år kvar: Folkelærar og prest.

Den fyrste bolken skal vi her sjå litt nærare på.

Christopher Arnt Bruun vart fødd i Oslo 23. sept. 1839. Faren, Johan Petter Bruun, var sakførar i Oslo — overrettsprokurator, heitte det den gongen. Far hans att var sjømann og førde skip for den mektige og rike Bernt Anker. Chr. Bruuns mor, Lina Bruun, var dotter til oberst Stenersen på Hedmark. Ho var på farssida frå ei bondeætt i Gudbrandsdalen. Overrettsprokurator Petter Bruun levde midt i Wergelandsstri-den, var på Welhavens side, men likevel ven med Wergeland, som ofte kom i huset der. Ein gong Wergeland var der kring 1840, tok han vesle Christopher på armen, strauk honom over andletet og sa: «Havde jeg bare havt en slik li-den fyr, så var min lykke fuldkommen.» Werge-lands ekteskap var barnlaust, veit vi.

Petter Bruun var ein gåverik og dugande sakførar, fekk ei stor forretning og vart ein velståande mann. Men han sette alle pengane sine i eigedomen Mikkelsgarden (Tostrupsgarden no, beint imot Stortinget). Då han var i si beste kraft og i fullt arbeid, døydde han etter ei stutt sjukelege av lungebrand i 1843.

Den eigedomen, der alt det dei åtte var sett inn, kasta ikkje noko av seg i den tida, og den unge enkja måtte flytta til Hedmark med triborn, Christopher, Thea og Petter. — Mannen hennar hadde vore med i ei enkjekasse og her fekk no fru Bruun kr. 320 um året i enkjepen-sjon. Av dette skulde ho liva med tri born og ei tenestgjente.

Ho laut selja sylvsakene og anna som hadde noko verde og slå seg igjenom med stor sparsemd. Faren gav henne ein gris til jol kvart år. Då Christopher var 11 år gamal, flutte ho med borna til Lillehammer (1850) der Christopher kom på latinskulen. Religionslæraren her var adjunkt Rønneberg. Upplæringa hans attåt ei pietistisk vekkjing millom elevane, gav den unge guten mykje å tenkja på, og gjorde at han ei tid var rein pietist, noko som han seinare arbeidde seg utor, men likevel fekk varande merke av.

I 1856 vart Bruun student, og mora flutte til Oslo att. Pengane som i dei vanskelege nedgangstidene var bundne i Mikkelsgarden, fekk ho no frigjort, so ho atter kunde få ein heim som stod open for vener, både hennar og sonen sin. Seinare brukte ho mange pengar til hjelp for Bruun då han dreiv folkehøgskulen sin.

Han fekk teologisk embetseksamen i 1862. I dei siste studentåra vart han kjend med mange danske og svenske studentar på skandinaviske møte og vart heilhuga skandinav. Året etter teologisk eksamen var han med på studentferda til Lund og Kjøpenhamn. Han og Kristofer Jan-son budde hjå Wagner og Schrøder på Borchs kollegium i Kjøpenhamn.

Kva han no skulde slå inn på, visste han ikkje rett. Prest kunde han ikkje bli, ikkje endå i allfall, uklår og tvilande som han var i mange religiøse spursmål. Men no kom noko til som gjorde, at han sette ut i fleire år med å velja livsyrke.

Bruuns tvo yngre syskin hadde sterke drag mot kunst og åtte kunstnargivnad, Petter for biletkunst og Thea for musikk. Båe var veikhelsa, so mora var redd for dei. Eit upphald i sollandet Italia kunde kanskje bli til helsebot og berga dei, og for den unge kandidaten med kunstsans og sterke historiske interesser vilde det og ha mykje å segja.

Lina Bruun flutte med heile huslyden til Rom.

Um det fyrste upphaldet der skriv Bruun:--

«Hvad er Rom? Rom er verdenhistoriens by. Det er sagt, og det med sandhed, at man kan lære mere historie ved at tænke efter i en time ved Tiberens bred, end ved at lese i årevis hjemme i sin stue. Det er som det ikke var Tiber-elvens bøl-ger, der skyller op i imod dens gader, men selve «Tidens strøm», menneskeslegtens livsstrøm, som rinder gjennem den---»

Og katakombane, der dei fyrste kristne gøymde seg i striden mot heidenskapen, og Collosseum, det veldige rundteatret, der so mange kristne vart kasta for ville dyr! Der fekk han for ålvorkjensla av å stå på heilag grunn.--«Denne

grund er vædet av strømme av det ædleste blod som nogen tid blev udgydt blandt mennesker. Der findes ikke mange flekker på jordkloden, som har fået en sådan' indvielse som denne.» Og Forum, Capitolium, Peterskyrkja og Vatikanet

med kunstsamlingane: «--jeg var omringet av

græske mesterværker, som i Oldtiden var samlet sammen i hovedstaden. De står der endnu disse to årtusinder gamle marmorbilleder, så fulde af liv, af ungdomsfriskhed. De taler til nutiden om det menneskeliv som engang blev levet i det gamle Hellas. De står der som levende vidnes-byrd om, at en sådan skjønhed har livet aldrig udfoldet, som der. Det er en skjønhed, høit hæ-vet over påhængt pynt og flitter; det er det menneskelige legemes egen medskabte skjønhed, når det stråler i sundhed, smidighed og kraft, «dets guddommelige skjønhed», som grækerne kaldte det.»

Best han var midt uppe i alt dette, og i minnet um den gamle tida, braut krigen ut millom Tyskland og Danmark i 1864 og reiv Bruun attende til notida.

Som so mange andre skandinaviske studentar hadde han i feststunder lova å vera med og verja «Svea-Nord og Danevang» mot fiendmakt, um det skulde trengjast. Bruun freista få dei norske til å halda det dei hadde lova. Dei fleste*Chr. Bruun frå yngre år.*gjorde det ikkje. Sjølv gjekk han med frivil-jugt i krigen og synte seg ogso der som ein mann. Ein som såg Bruun på post i kuleregnet, skriv um det soleis: «Han stod der med livbæltet lidt på skrå og en norsk randsel på ryggen. Men hans holdning og mine var lige så uanfektet og mimikløs som sad han hjemme ved sit skrivebord i den dybeste fred.»

Lina Bruun vart att i Italia med dei andre tvo, medan Bruun var i Danmark. — Då kom Henrik Ibsen dit ned og var ofte saman med fru Bruun og venene hennar, og han gjorde alt han kunde til å halda modet uppe og trøysta henne. Ein dag sa Ibsen, at dersom Christopher fall i krigen, skulde han i eit dikt reisa honom ein bautastein som skulde verta til skam for heile det norske folket. Bruun hadde gjort skyldnaden sin, men dei andre hadde svike. Lina Bruun svara: «Dersom De gjør det, skal jeg begrave stenen med mine egne hænder.»

Ho vilde ikkje at sonen skulde ha ære soleis at det vart til skam for fedrelandet. Ibsen fekk tårer i augo då, er det sagt.

Krigen slutta med stor usiger for Danmark. Bruun vart fri 8. aug. 1864 og reiste no til Rom att. Det er karakteristisk for honom korleis han reiste. Han tok ikkje postvogn eller tog, men gjekk tvers gjenom heile Europa til «den evige stad». Her vart han varmt fagna av venene sine— og ikkje minst av Henrik Ibsen, som dekla-mera for honom og priste det store verket hans. Han hadde stridd for den idéen som so mange hadde vore uppglødde for. — Ein gong dei tala um dette, spurde Bruun på den endeframme måten sin, kvifor Ibsen sjølv ikkje hadde gått i krigen. «Vi diktere har andre opgaver,» svara Ibsen stutt. — Bruun syntest ikkje det var so stort dette å syngja um det som andre burde gjera og sjølv halda seg undan.

Bruun-huslyden var mykje saman med Ibsen, som heldt venskapen ved lag heile sitt liv.

Dei tvo syskina til Bruun kunde korkje Italia-sola eller noko anna berga. Dei døydde båe tvo av brystsjukdom

året etter Bruun kom att frå krigen. Lina Bruun hadde no berre Christopher att, som ho alltid sidan fylgde, og heilt ofra seg for. Dei heldt saman med ein rørande kjærleik. Ibsengranskarane har synt at diktaren har mykje frå Bruun og hans idéliv utforma i «Brand», utan at ein vel kan segja at Bruun beint fram har vore modell til presten som heller aldri vilde slå av på idealet. — Klårare er det med Thea Bruun, som er modell til Agnes, den finaste og venaste kvinna i heile den norske litteraturen. Henne kunde ikkje Ibsen gløyma. Bilethoggar Runeberg (son til diktaren J. L. Runeberg) hogg ei byste av henne i marmor. — Ho kom meir beinveges inn i verdslitteraturen. Det var um henne Ibsen skreiv det vesle fine diktet:Borte.

«De siste gæster vi fulgte til grinden farvellets rester tog nattevinden.

I tifold øde lå haven og huset, hvor toner søde mig nys berused.

Det var en fest kun, før natten den sorte; hun var en gæst kun — og nu er hun borte.»

Bruun reiste frå Italia i 1867. På heimferda gjorde han seg nærare kjend med dei danske venene sine og med folkehøgskulane som det nett det året vart reist so mange av i Danmark (i 1865—67 31 skular). Han kom til Kristen Kolds skule på Fyn og fekk høyra ein av dei merkelegaste høgskulemenn som norderlanda har havt. «Den jevne tale som holdt sig ved jorden mere end nogen anden jeg har hørt, var ikke bare fængslende for den høiest dannede som den var forståelig for tjenestkarlene. Det var som han, mens han talte, holdt den lyttende forsamling i sin hånd og førte den uden evne til mod-stand der hen hvor han ønskede.»

Noko av det same såg og høyrde han på Askov hjå L. Schrøder, som forresten hadde ein annan måte å tala på. Han vart meir og meir

5 — Fire folkelærarar.uppteken av det nye skulesynet. — «Jeg så ved disse skoler mænd — ja, jeg tør ikke sige de stod på dannelsens høider, men de stod ialfald over mig i dannelse og udvikling. Og disse mænd hørte jeg uttale sine høieste tanker, sin sjels bedste eie, for bondegutter. Og jeg trodde at skjønne at disse bondegutter forstod dem. — Det var mig noget nyt.»

Dette nye vilde han freista føra gjenom hjå bøndene i Noreg.

«Fra nogle av de sterkest bevegede dage jeg har oplevet tog jeg med mig et alvorligt spørgs-mål for mit senere liv. — Det lød så: Hvem står høiest, enten disse materialistiske bønder, som vore dannede kalder dem, disse bønder som ikke kjender noget til de store tanker, som aldrig har været grebne af dem, — eller vore dannede, som kjender idéene, som har været grebne af dem, som stadig hylder dem, men som svigter dem når det gjelder? Hvem står høiest, enten vore materialistiske bønder, eller vor materialistiske dannelse?»

Bruun var heilt idealist og vilde i liv og arbeid gjera ålvor av å føra gjenom det han hadde drøymt so stort og fagert um i ungdomen.

«Jeg syntes at hele livet, som jeg så omkring mig, lå så sterkt i det lave,» skriv han, «og jeg vidste at så mange mennesker jeg så, fornedrede sig. De kunde være skikkelige, brave menneskerforresten, men de bar fornedrelsens stempel på sit menneskeliv.» — Dei hadde havt eit ideelt livssyn i ungdomen, men hadde ikkje havt kraft til å leva etter det. Skulde det gå på same måten med honom? «Det som jeg i hemmelighed for mig seiv kaldte lykke, det afhang af det om det skulde gå an for mig at nå dette ene: At være tro.»

Det er sagt um Bruun at han aldri upplevde festen: å vera ung. Når ein ser ungdomslivet hans og tidstilhøva då, vil ein skyna at det var slik. Det er ein fest å vera ung. Han sjølv hadde ikkje fått upplevd det. Men no vilde han hjelpa andre til å uppleva den festen. Han vende seg til bondeungdomen. Han har tala og skrive um dette («ungdommens begeistring») sannare, vakrare enn nokon annan i landet vårt.

«Salig den isse som begeistrings ørn har suset over med de brede vinger,» segjer Welhaven i diktet um Ganymedes. Bruun har nytta grunntanken i diktet i det han har skrive um ungdomstida, og det slik at den ungdomen som les det utan at noko rører og lyfter seg i honom, må vera meir enn vanleg åndeleg evnelaus, jordbunden og dauv.

Han var sviken i trua på studentane, og hadde ikkje so sterk tru på «den dannede klasse» i det heile, og var samstundes teken av bonderomantikken; han vilde verka millom bønder.Men kvar skulde han taka til?

«Søg dybt ind i Norriges ensomme dale, der lytter dit fædreneland til din tale,»

hadde Wergeland sagt.

Bruun valde Sel i Gudbrandsdalen, reint avdal den tida, ei fatig fjellbygd inneklemd millom høge fjell; sola er burte 13 veker i året.

Det kunde vera mange andre grunnar til at han slo seg ned her. Han var noko kjend med dalen fyrr, frå Lillehammer-tida. Sel var den gongen anneks til Vågå, der presten Krag hadde havt ein ungdomsskule. Paul Botten Hansen var frå Sel. Vågå var kjend i litteraturen gjenom menn som Edvard Storm, Asbjørnsen og brø-derne Hougen. Og so var Gudbrandsdalen «da-lenes dab.

Same året som Ibsen gav ut Peer Gynt, der hendingane i den fyrste tida er lagde til Gudbrandsdalen, reiste Bruun til Romundgard i Sel og tok til med folkehøgskule. Det var hausten 1867.

Det gjekk stort ord i dalen då han tok til der. Han var av storfolk, ein lærd mann som kunde vorte professor med 2 000 dalar i løn um året, um han vilde. Men denne folkehøgskulen kunde han då ikkje tena noko på. Det vart berre utlegg. Mor hans hadde pengar, so ho hjelpte vel til. Men kva vilde han med denne skulen? Ikkje kunde dei verta til noko dei som gjekk her,*1. skuleåret på Romundgard, vinteren 1867 - 68.*

1. Hans Formo (Sell). Ivar Blekastad (Sell), Kr. Horne (Romedal), Hans Sandbu (N. Fron), Jakop Stampen (Sell). 2. Fredr. Breden (Sell), Østen Råstad (Lom), Tor Tofte (Dovre), H. Romundgard. (Sell), Chr. Bruun, Olav Åsåren (Sell). 3. H. Rosten (Sell), O. Kirkeberg (S. Aurdal). Ivar Lo (N. Fron), Ivar Harildstad (N. Fron), Nils Hoft (Lom).ingen eksamen; ikkje var det skriveskule, ikkje lærarskule, ikkje landbruksskule — kven kunde skyna slikt?

Ein ting skyna no alle likevel: Bruun hadde vore med i krigen og hjelpt dei små i striden mot dei store.

Skulen hadde ikkje so stor elevflokken fyrste året. Men seinare vart det mange.

Når ein bonde den fyrste tida spurde Bruun um kva dei unge skulde læra på skulen hans, svara han gjerne: «Vi f rister at lære dem at tænke over livet.»

Mange hadde vel tenkt over dette fyrr på sin måte; men Bruun kom med noko nytt, noko som hadde samanheng med det djupaste i hugen. Det fylgde ansvar med å leva, det var ikkje berre utkoma det stod på, sa Bruun. Det var noko stort å vera eit menneske.

Dei tok til å skyna korleis Bruun kunde orka stå upp kl. 4—5 um morgonen og gå ute i dalen millom dei høge, bratte fjella med den blå vinter-himmelen med dei tallause stjernene over, og sjå og tenkja på dette til stjernene bleikna um morgonen. Men ikkje berre det. Ein av elevane hans skriv: «Og som han kunde tala um fedrelandet og dei ting — brenna synene sine inn i oss. — Då vida stova seg ut, vi såg det blåbleike havet der langt ute og kjende friske saltsmaken i munnen —, og det gjekk slik roleg manndom gjenom talen hans at det tok oss reint med makt.»Det var elles ikkje berre tungt ålvor på skulen. Um kveldane fekk dei syna fram skodespel, scener både av «Den stundesløse», «Fjeldeven-tyret» og meir slikt. «Gamle mor Bruun» hjelpte til og klædde dei ut, og ålvorsmannen Bruun såg på når det heile var i stand, lo og gledde seg. Men dei «vakte» riste på hovudet og tykte det var rart at ein prestlærd mann kunde samtykkja i slik gudløyse.

Sjølve skulearbeidet, og den uppgåva han hadde teke på seg som skulemann, alt det tok Bruun tungt og ålvorleg nok. Då han hadde halde folkehøgskule i tvo år, sende han eit brev til Schrøder og skreiv m. a.: «Den danske skole er fader til min, og du igjen er den, som nærmest har fået mig ind på den vei. Enten det var vist eller galt at jeg gav mig ind på den, så får du have din del af skylden derfor. Så når jeg skriver til dig, er det som en krigers melding til ho-vedkvarteret. Meldingen indløber sent. Tidligere var jeg bare fuld af mit forbillede, af Danmark, Kold og dig. Nu begynder skyflokene at dele sig, så jeg ser, hvor jeg står.»

Bruuns hovudfag var historie (Noregs verds- og kyrkjehistorie) og frie foredrag. Andre, meir eksakte fag, let han medlærarane ha.

Hausten 1869 kom Kristofer Janson dit. Han hadde norsk, geografi og song. Janson meiner at han for det fyrste ikkje var so lite av eit vonbrot for Bruun. Då Janson, andre året han var*Folkehøgskulen på Romundgard, 1870—71.*

(Frå vinstre, attantil). 1. Tore Kummen (Skjåk), ?, Ivar Kjorstad (Fron), Olav Strande (Ringebu), Stefan Frich, Olav Kirkeberg (S. Aurdal), Hans Hole (Vågå), Olav Aukrust (Lom), Eiliv Ofigsbø (Lom), ?, Kongsli (N. Fron), Paul Råstad (Vågå), Gudbrand Hove (Skjåk). ?, ?. 2. Øystein Kvamme (Lom), ?, Sigurd Blekastad (Sell), Agronomlærar Kråbol, Olav Formo (Sell), ?, Tårud ? (N. Fron), ?, Ivar Sunde (?) (Vågå), ?, Hans Veggum (Sell). ?, ?, Rasmus Nordal (Lom). ?. 3. Per kaldhusdal (Geiranger). Per Utheim (Nordmøre), Chr. Bruun, Lina Bruun, Frk. Thea Blehr. M. Uldalen (tenar, Seil), Ragnhild Kaldstein (tenar, Sell), Frk. Lina Horne (Romedal), Fru Janson, Kr. Janson, ?, Øystein Kvarberg (Vågå), ?, Kvarberg (Vågå), ?der, bad um å få anten Noregshistora eller verdshistoria, svara Bruun at han ikkje våga seg til det. Det var uvisst um han kunde greida det.

Dette såra Janson. Han visste med seg sjølv, at fortelja soga, det kunde han. Det vart likevel slik at Janson skulde få freista, og det synte seg at han her nettupp var komen på rette plassen. Seinare tok han til å halda foredrag um eventyr og folkeviser. Bruun var den fyrste som synte honom det verdet desse har.

Til skulen kom det elevar frå mange stader. Ein gong kom ein student der for å gjera seg kjend med skulen og upplæringsmåten. Han for snart av att. Han greide ikkje kosthaldet på skulen. Han kunde ikkje greida deira spartanske supe, sa han. Ein annan gong kom ein som hadde gått seminariet. Sjølv hadde han ikkje hug til det, men foreldra hans vilde endeleg ha honom på skulen til Bruun. Han var der heile vinteren. Han sa fyrste dagen beint ut til Bruun at han ikkje kunde skyna kvifor far hans endeleg vilde senda honom på folkehøgskulen. Han kunde alt fyrr av det dei kunde læra honom der. Då han hadde vore der ei tid, vart han spakare, og då han for um våren, sa han: «Ein ting har eg då lært her. Då eg kom, tykte eg at eg kunde all ting; no tykkjer eg at eg kan ingen ting.»

Janson var ved skulen i mange år, og han lærde mykje av Bruun. Han har gjeve denne skildringa av honom:«Bruun var en ypperlig folkehøiskolelærer. Han fik stor magt over eleverne. De hang ved hans ord med beundring og kjærlighet. Hans sinds dype alvor, parret. med mildhet og munter-het, hans fædrelandskjærlighet og tro på Norges fremtid og dets ungdoms levedygtighet hadde stor indf ly deise på dem. Jeg seiv lærte meget av ham. Hans mytologiske foredrag og utlægningen av norske folkeeventyr gav mig idéen og evnen til at fortsætte i hans spor.»

Våren 1870 reiste Bruun til Oslo og skulde tala til studentane. — Bjørnson var då formann i Studentsamfundet. — Han tala um daning, um folkehøgskulen, bondekulturen, målsaka og det nasjonale og alt som står i samanheng med det. Hovudinnhaldet i desse foredraga kom 8 år seinare i «Folkelige Grundtanker». Og han tala so at det sette sterke merke etter seg. «Sidan Werge-lands dager har der ikke været så sterkt gjærende liv i studenterverdenen.» (Elling Holst). Han tala um folkehøgskulen og alt den kunde gjera for bøndene. Det fengde so sterkt, at sume la attåt ting sjølve, som dei meinte Bruun hadde sagt. Erik Wullum skreiv 16 år seinare, at Bruun hadde sagt, som eit bilete på det han venta ieg av arbeidet der uppe, at «de tiggende unger på lan-deveien i Sel skulde bli som englene på Rafaels billeder». — Bruun tok til motmæle. «En tanke som den at få tiggerungene på Sel til at bli lig Rafaels engler, har aldrig kommet over mine læ-ber eller været i mit sind.--Jeg sagde, at jeg

hadde seet gutter på Sel, fillete og forsultne, som ikke sjælden måtte nøie sig med poteter for en skilling dagen til mad og som enda var vakre som nogen tiggergut hos Murillo. Det var om folkets uslidelige livskraft til at bære fattigdom og nød, jeg talte; det var ikke om min evne til at gjøre børn til engler. — Det var jo også voksne jeg hadde med at gjøre, og ikke børn. Og så kjær jeg fik mange av gutterne — jeg kan forsikre at jeg aldrig har syntes om nogen av dem at han var en engel.»

Nei, Bruun var so visst ikkje freista til å kalla bøndene — korkje store eller små — for englar, ikkje i 1870 og

ikkje seinare heller. Dertil hadde han for gløgt eit auga for lyte og for sterk trong til kritikk.

Men han hadde ei urikkeleg tru på at folket hadde to i seg til å bli bra, og at det kunde verta eit fyregangsfolk millom dei beste. Difor vilde han halda fram med det yrket han hadde valt seg.

I Sel var det avstengt og tungvint. Han vilde lenger sudetter, og f lutte til Gausdal i 1871.

Her vilde det vera lettare å få elevar ogso utanfor Gudbrandsdalen. «Gausdal var ei bygd som låg lugomt til — ei gamal velstandsbygd, breid og mett og god, den fagraste i dalen — ein snild og godsleg, men sjølvbyrg bondeadel med mykjen god og mykjen låk arv.» (A. Austlid.)Bruun fann snart at her vilde han bli heile livet. Han kjøpte gard til seg sjølv og jord til skulen. Den stortenkte og gjæve storbonden Per Bø gav fritt timber til skulen, som no fekk namnet Vonheim.

Bruun trulova seg med ei gild bondegjente frå Øyer, Kari Olsdotter Skard. Då dei skulde gifta seg i 1872, vart det søkt um å få låna Øyer-kyrkja. Ein av Bruuns vener, som var prest og som det ikkje var anna å segja på enn at han var folkehøgskulevenleg, skulde vigsla. Men Øyer-presten sa tvert nei. Kyrkja fekk dei ikkje, og vigsla vart halda heime på Skard. Den vakre, blide Kari Skard skapte Bruun ein lukkeleg heim.

Det var ein streng, pietistisk prest i Øyer, men det var ikkje betre i so måte i Gausdal, som vi snart skal sjå. Prestane meinte det berre vilde føra til uro og ulukke alt dette nye som høgskule-folket for med. Ein kjend prest sa til Bruun ein gong då han la fram dei nye skuletankane: «Lad bonden beholde sin bibel og salmebog og uro ham ikke med dette andre!» — Dette var i grunnen ei kort og grei form for det mange meinte um bonden. Det gudelege var prestane sette til å styra med. Korleis dette skulde vera, hadde dei høyrt av Johnson og Caspari. «Dette andre» skulde ein ikkje uroa bonden med. Det greidde dei embetsmennene som administrasjonen hadde sett inn kringum i bygdene.I Sel hadde ikkje Bruun so stort mein av prestane. No vart det verre. Austre og Vestre Gausdal var då eitt prestegjeld, og dei hadde tvo prestar, sokneprest Fleischer og kapellan Breien. Den siste kom ofte i preikene sine med vendingar som alle tok for å vera åtak på folkehøgskulen, men so innsveipt i ord og talemåtar og so sleipt at det var uråd å taka til motmæle. Dette gjorde Bruun harm. I eit selskap spurde han beint fram Breien um det var folkehøgskulen og lærarane der han meinte. Breien vreid seg og gav eit ugreidt svar. Då såg Bruun fast på presten: «De Breien, er en mand som ikke tør se folk i øinene.»

Soknepresten og gamleklokkaren tok det på ein annan måte.

På skulen var det møte kvar torsdagskveld med foredrag, song, upplesing og meir slikt. Kven som vilde, kunde koma. Og folk kom ofte lange vegar, so skuleroma vart snart for tronge. Det dei fekk høyra her, vekte tankar og skapte liv. Bruun bad presten, og klokkaren og, um å koma og høyra på. Men det var tvert nei; dei skulde ikkje setja sin fot inn um døra der. Men dei vilde hindra andre og. Dette grundtvigske skulestellet var noko som det ikkje kunde koma anna enn vondt av. Gausdølen Erik Enge, som då var ein gut i 20-årsalderen og var med på møta, fortel at det gjorde vondt verre hjå prestefolket at ein var so ihuga etter å gå på desse torsdags-møta og høyra på Bruun. «Presten og gamle-klokkaren trudde spent det at den vonde sjølv valde alt dette bråket; sjølve sky na dei at dei heldt på å missa taket på bygdefolket, og det var sårt for dei tvo gamle å finna seg i det. Ein beinveg over prestegardsjordet fann presten på å stengja, men det stengde ikkje stort frå desse møtom; folk kom seg fram likevel. Og når gamleklokkaren for umkring i bygda og tok inn klokkar-tollen, fortalte han folket at det var dette høgskulestellet som var grunnen til at grøda fraus um hausten. Det var ein «Herrens ref-selse> fordi dei hadde drege denne nye skulen inn i bygda. Men slikt berre lo folk åt. Presten og klokkaren kunde aldri semjast med høgskulen, men dei gav upp å bråka i mot. Og mange av bøndene som i fyrstninga hadde imot høgskulen åt Bruun, sende um ei tid både sønene og døtterne sine på skulen.»

Den nye skulebygningen vart ferdig i 1873, og skulen flutte dit. Etter kvart hadde Bruun fått medarbeidarar av dei beste han kunde få tak i. Umfram Kr. Janson var det Frits Hansen, Johannes Skar, Matias Skard og Ingvar Bøhn. Same året Vonheim var ferdig, flutte Bjørnstjerne Bjørnson til Gausdal. I 1874 hadde han kjøpt Anlestad, som ligg like ved Vonheim. Han vilde vera nær folkehøgskulen og Bruun.

Det er ikkje so ofte ein ser so mange landskjende menn samla i ei bygd som det var i Gaus-dal i desse åra. Livet

og striden der vart kjent over heile landet. Dei tok til å tala um profet-skulen i Gausdal. — «Morgenbladet» skreiv i 1878: «Ved profetskolen i Gausdal, hvor Vis-Knut i sin tid var den eneste sandsiger, er der nu en hel flok af store og små profeter. — De fire store: Bjørnson, den største af dem alle, Chr. Bruun, Kr. Janson og Frits Hansen, ere bekjendte over det hele land.»

Bjørnson tala ofte på Vonheim og var mykje saman med folket der i den fyrste tida. Skulen vart snart kjend og fekk elevar frå mange bygder, ogso langt burte ifrå. Men motmennene låg heller ikkje på latsida. Dei fekk i stand skular som skulde tevla folkehøgskulane ut. Vedtaka um amtsskulane skapte vanskar attåt dei som fyrr var. Bruun og Frits Hansen sende ein søknad til Stortinget i 1877 um beinveges statstilskot til folkehøgskulane (dok. nr. 37). Dei segjer der m. a. at «der med statsmidler var oprettet en fast konkurranse med de frie folkehøiskoler, de så-kaldte amtsskoler». Men søknaden førde ikkje til noko, heller ikkje ein um statstilskot til Arvesen, Bruun og Ullmann. Då Bruun hadde halde skule i Gudbrandsdalen i 10 år (kring 400 elevar i alt) gjorde Kristians Amtsting (Oplands fylkesting) vedtak um tilskot til Vonheim, men sette slike vilkår at Bruun ikkje kunde taka i mot noko. Seinare vart det ein skipnad slik at alle desse tri fekk tilskot frå fylke og stat.Trass i det han fekk so sterk motstand både frå prestane, pietistane, dei styrande og andre, var likevel dei fyrste ti-femtan åra i Gausdal Bruuns beste tid. Det var då han heldt dei mest kjende foredraga sine og gav ut hovudverket sitt. Tilsaman skapte dette både varme vener og motstandarar.

Programmet for folkehøgskulen har vi i «FoZ-kelige Grundtanker», som i grunnen er ei heil folkedaningslære.

Kort fyrr verdskrigen braut laus, skreiv ein lærd tyskar (dr. A. H. Hollmann) ei bok um Grundtvig og dei skulane han hadde skapt. — Etter krigen har tyskarane teke arbeidet upp att for å føra desse skuletankane igjenom i Tyskland. I denne boka segjer forfattaren ein stad: «Det kan sjå so ut at den historiske utvikling går i eit fast far etter evige jarnlover. Men sume tider kan likevel ei fast hand gripa inn og freista føra det heile av faret. Og når ein har lukka med seg, kjem andre og hjelper til so det heile ber i ei ny leid. Grundtvig greip inn, so den historiske utvikling i Danmark kom til å gå i ei ny stemneleid. Utan honom var det vel no ingen dansk kultur til, og difor er han for sitt folk geniet. Men Grundtvig var ikkje berre dansk, han var og german, og det han som german tenkte, sa og vilde, vedkjem ogso oss.»

Desse geniale ideane som den lærde tyskaren her skriv um, har Bruun forma ut i boka si.I det teologiske var han ikkje grundtvigianar, heller ikkje i den tida han fekk sine sterkaste inntrykk av Grundtvig og venene hans i Danmark. Men den grundtvigske sjele- og upp-sedingslæra hadde han heilt eigna til seg og har forma ho ut klårare og betre enn nokon annan, endå um ein tek alt det med som danskane har skrive um dette. Vil ein få greide på kva Bruun tenkte og vilde som folkelærar, må ein søkja det her. Det er ikkje berre skulespursmål han tek for seg, men menneskelivet, samfundsskipnaden vår og det norske samfundslivet i det heile.

Boka har desse tolv stykka:

1. Menneskelivet. Aand. 2. Folkehøiskolen og den norrøne gjenfødelse. 3. Svar på indvendin-ger. 4. Bondelivets fortrin. 5. Om latinskolen.

6. Om vort universitet og dets videnskabelighed.

7. Om den herskende dannelse her i landet.

8. Maalsagen. 9. Bondereisningen. 10. Kvinde-sagen. 11. Haab om Kristendommens gjenopli-velse. 12. Om det menneskelige.

Mange av desse spursmåla har ikkje same interessa no som for 50 år sidan. Men sume er aktuelle den dag i dag. Her skal eg berre få nem-na tvo: Målsaka og folkehøgskulen.

Um den fyrste er striden både hardare og meir fanatisk no enn i Bruuns tid. Strid vert ofte sterkast mot slutten, når det gjeld eit stort og vanskeleg samfundsspursmål.

Bruun brukte ikkje målet sjølv korkje i taleeller skrift. Like fullt er det få som har gjort meir for denne saka enn han.

Hovudsynspunktet i det klåre og greide innlegget hans finn ein i desse linene:

«Denne tilstand med to nærskyldte sprog i et folk vil ikke kunne holde sig i lengden. Der vil komme en tid, da det norske folk ikke har mere end et sprog. Af de to som nu tales, må det ene dø. Hvilket bør da dø, og hvilket bør leve?

— Ja, vor dannelse er ikke i tvil om svaret. Det er bondemålet, det ægte norske mål, som skal dø, og det ind førte sprog skal leve.---Det norske sprog skal dø, og det er folkeoplysningen, som er udseet til at være dets banemand.»

Bruuns spådom um den tida då det berre er eitt mål i landet, er no nærare enn kanskje mange trur. Dialektene vil leva i Noreg som i alle andre land. Men det vil bli berre eitt offisielt skriftmål i landet, bygd på norske mållover, og med studnad og tilvokster frå det levande norske talemålet. Striden no står um vegen fram til eit mål som verkeleg er norsk og um dei ymse skriveformer for dette. Men at vi vil få eitt mål i landet, er det vel ikkje mange vetuge folk som no er i tvil um. Og heller ikkje um at det er det norske som vil leva, og det innførde som vil døy.

Skuleskipnad og upplæringsmåtar må vera i samsvar med menneskjenatura og livslovene, sa Bruun. Desse rettar seg ikkje etter system somsamfundet har sett upp. Ungdom i overgangstida millom barn og vaksen, er ikkje skikka for skulebenken. I desse åra skal ein so mykje som råd er læra å bruka kroppen. Ungdomstida er mest lagleg for åndeleg påverknad. Ålmennda-ninga skulde byggja på det gamle og nyvekte norske åndslivet og ikkje på latin og tysk.

Grunnlova av 1814 sette store krav til det ålmenne folket. Fyresetnaden for eit godt folkestyre er ei god folkeupplysning. Folkeskulen kunde ikkje vera einaste upplysningskjelda til ålmenndaning for landsfolket.

Samstundes med at han la fram programmet for ein skule som kunde hjelpa til å fylla det kravet grunnlova sette, kom han med ein sterk kritikk både over folket, dei styrande og styringsverket. Det norske folket var eit bondefolk, men bonden stod for det aller meste utanfor det ålmenne åndslivet. Embetsverket som det då var, var ein arv frå einvaldsmakta og dansketida. Embetsmennene var han streng mot, mest gjekk det ut over prestane. «Det er en likefrem ynk at høre på de allerfleste av vore prester,» skreiv han. «Mange af dem kan tillade sig ting som overgår enhver beskrivelse. Thi så slet som det går an at tale i en kirke, går det lettelig ikke an at tale noget andet sted i verden.» Men elles var det skrøpeleg nok med mange av dei andre embetsmennene og. «Her er fuldt op af dem, som har sin gjerning i statens, skolens eller kirkens

6 — Fire folkelærarar.tjeneste, som har fået prosaens og åndsforladt-hedens umiskjendelige stempel på sit arbeide, på bele sin tankegang og alt sit liv.»

I skriftet om «Om Christensamfundets Syn-der», som kom ut tri år etter «Folkelige Grund-tanker», talar ban um lyte i den norske kyrkja. Statskyrkja var stivna til i former som det var lite liv i. Misjonsfolket var trongsynte og døme-sjuke. Den høgste biskopen i statskyrkja var kongen. Korkje prestane eller andre våga segja til honom, korleis han enn var. Han nemnde slike kongar som Christian IV, Christian VII og Carl XV. «Slike skulde være kirkens øverste herre!» Ei lov som forbaud å lasta kongen, var ei ugudeleg lov. «Det råber til himlen, det lukter råddent af hele Kristi Kirke.»

Han var ikkje republikanar. Tvertum. Han heldt alltid sterkt på kongedømet og tok Oscar II, som han sette høgt, i forsvar i 1905. «Seiv en konge har sine rettigheder.» Det var det ideelle kravet han sette til høge og låge. Noko seinare tala og skreiv han meir um folket i det heile.

Mange nordmenn var dovne. Dei kunde nok taka eit gasta skipertak når det kneip, og då gjera storverk beintfram. Den norske sjømannen var av dei fremste i verda. Men det jamne, trottige kvardagsarbeidet kunde nordmennene ikkje med. Han hadde ei sterk tru på bøndene, men var ikkje redd for å halda fram lyte ved dei.Dei var materialistiske, tunge og seige, drikke-kjære, sjølvgode og kranglevorne.

Sidan «Norges Dæmring> kom ut, har ingen tala slik til det norske folket. Welhaven var beint fram spak samanlikna med Bruun i desse åra det her er tale um. Båe hadde likevel ei sterk tru på folket; det kunde bli bra, og det hadde ei stor tid framfyre seg.

«Din hjemstavn, bonde,» står det hjå Welhaven, «er en hellig jord; hvad Norge var, det må det engang vorde på land, på bølge og i folke-rang.»

Bruun skreiv det um slik: «Vi håber på, at der skal komme en ædlere og dygtigere slægt end den som lever idag.»

Grunnlaget var godt. Ikkje minst sette han store voner til Gudbrandsdalen, som han kjende best. Han tok ikkje so sterkt i som Vinje nokre år fyrr, då han skreiv: «Folket her er vist det fagraste folkeferd i heile landet; og um den betre gudbrandsdalske gjenta kann verta sagt som Michelet segjer um den franske kvinna, at ho er ei fødd dronning. Nedetter Mjøsbredderne helst på Totsida, er det same folkeferd kjennande atter, endå dei fagre der ero meir sjeldfengde. Kvat kunde der ikki verda gjort med dette folk! Eg skulde upplysa den halve jord med det, berre det var rikt nok, og eg fekk læra det upp som eg

vilde.--Eg såg pannur som på Shakespeare

og kjakar og heileskålar som på Napoleon.»Bruun hadde for lett for å sjå det som rangt var, og var for full av kritikk til å koma med slike lyriske ting. — Men ei fast tru på folket og framtida hadde han. «Vort land er fattigt, og vi kan vel efter al rimelighed tilføie at det «skal så bli» i ligning med andre land. Men dette er slet ikke til hinder for at det kan fostre et rigt åndsliv, når bare folket vil indrette sine fornø-denheder efter sit lands natur. Tvert i mod. — Dette fattige Svadberg-landet som strekker sig op i mod polens sne og som ombruses av Nordhavets velde, det er netop lugom vugge for det kraftens folk som er udseet til at løfte åndens banner høit i en materialistisk og blødagtig tid.»

Bruun hadde stått tvilande til so mykje, men hadde no fått ei fast tru på dølafolke. «Om 20 år skal Gudbrandsdalen være den fremste dal i landet,» sa han. Det var ikkje det økonomiske han tenkte på, men det nyvekte åndslivet som frå Gausdal skulde gå ut over dalen og heile landet.

Ut i frå dette synet og i tru på arbeidet sitt heldt han fram med skulen. Ungdomen såg upp til honom. Han hadde ei evne som få til å setja kveik i «jelelivet, til å skapa noko der inne, so-leis at det vart av verde for livet.

Det kunde og liggja ein fåre i den sterke makta han hadde. — Det er noko i det Janson skriv: «Bruuns overlegne ånd øvet et, jeg hadde nær sagt eneveldig press både på lærere og elever.De truet med å bli lommeutgaver og leddedukker for ham.» Jamvel ein mann som Bjørnson kjende denne makta, suggesjon, eller kva ein vil kalla det, som strålar ut frå ein sterk åndsmann. — Han hermde eingong H. C. Andersen med tanke på Bruun: «Man siger alle at den hund er god; men mig gjør den nervøs.»

På sume verka han so sterkt at dei tok til å apa etter honom ogso i det reint ytre: alltid bruka ullkrage, ha langt hår og skjegg, tala langsamt og med same tonefallet som han. Ein rett høgskulemann måtte i all fall vera slik. Ein folkehøgskule kunde dei ikkje tenkja seg onnor-leis enn som den Bruun hadde. Tok dei ikkje arbeidet på same måten som Bruun eller Kristen Kold, var dei ikkje ekte høgskulemenn. Både Noreg og Danmark hadde slike i si tid.

I dei sterke politiske brytningsåra frå 1880 og utetter, kunde ingen som hadde noko å segja i landet, stå utanfor den politiske striden, og sjølvsagt heller ikkje Bruun. Alt var meir einfelt då enn no, berre tvo parti: høgre og vinstre. Bruun gjekk med vinstre. Vinstre stridde for dei historiske tankane som rørde seg i tida, og hjå vinstre kunde han få hjelp i arbeidet for reform-krava sine. At høgrepartiet vilde gjera seg til «Kristendommens parti», fann han «forargeligt».

Bonden var sjølvgod, høgre var endå verre. All sjølvrettferd og sjølvros var han alltid på vakt i mot, anten det galdt ein einskild eller eitheilt parti. «Når ei menneske er så dydigt som vort politiske høire er,» skreiv han i 1887, «så ved enhver sjælekyndig mand at det ikke hænger rigtig sammen. Og når et parti i den grad er den rene flækfrie dyd, så er der også al grund til at fatte mistanke.»

Høgre hadde ikkje slike politiske synder på samvitet som vinstre. Men dette var ikkje noko å takka det for, endå mindre å rosa seg av, meinte Bruun. Den einaste pålitelege vegen til ikkje å gjera noko gale i verda er: ingen ting å gjera. Dei som er inne på den vegen er alltid dei strengaste domarane over dei som gjer noko. Soleis var det

med høgre. «Det er dette som er høires politiske renhed, og som giver dem denne uende-lige overlegenhed over det syndige venstre. Det er dette, som ifører dem denne selvgodhedens skinnende retfærdighed.» Han heldt gjævare «det vågne liv med dets arbeide og dets synder

fremfor denne selvgode syndeløse søvn.»---

Historisk set sov høgre i den tida det skulde arbeidt. Det var høgres synd. «Historiske synder var de omtrent lige så uskyldige i som den kræm-mer, der tilbringer sit liv med at sælge kaffe og sukker.»

Men han var heller ikkje samd i alt det vinstre gjorde. Det han hadde mest i mot var riksretten i 1884 endå han var samd i utfallet. — Måten det vart gjort på, fann han urettvis, nemleg å setja lagtinget saman soleis som dei gjorde.Nokon stø politisk partimann vart han aldri. Han vilde helst vera eit parti for seg sjølv, so han kunde få segja si fulle meining både til høgre og vinstre.

I folkehøgskulen skal elevane ikkje berre få kunnskap. Undervisninga i hovudfaga skal vera noko av ei forkynning, vekkja nye kjensler og tankar og lysa upp i sjelelivet hjå dei unge. Bruun nådde lenger i denne leida enn dei fleste andre. Han møtte alltid godt fyrebudd til skule-timane. Det han bar fram, var godt gjenomtenkt, ein kan gjerne segja gjenomlevt, og difor so klårt og sterkt. Dette var det vel som mest gjorde at han kunde få slik makt over åhøyrarane.

Han var ikkje stortalar, ikkje «veltalande» i vanleg mening, og vilde ikkje vera det heller. Han sa ein gong: «Skidt i hele veltalenheden! Har man noget man vil ha sagt, så får man nok sagt det, og da får man også folk til at høre på.» Det var den vanlege deklamatoriske talen han her tenkte på. Innhaldet var det fyrste. Men det er ikkje det same som at han var likesæl med den forma han klædde tankane sine i.

Bruun arbeidde ikkje lett eller snøgt, korkje når han skulde tala eller når han skreiv. Eit ser-merke hjå honom var at han både munnleg og skriftleg kunde samla det han vilde slå fast, i stutte setningar. Dei verka som slagord ofte. Ein kunde hugsa dei i årrekkjer etterpå, mange heile sitt liv. Slikt når ein ikkje utan arbeid.Han hadde stor age for det «levende ord». I vårt land har ingen tala so sterkt um «ordets høie krefter», som han.

Bruun hadde ein livande sans for all kunst. Kunst kan ein vel kalla alt manneverk — i ord, tonar, fargar eller former — når det er soleis at det ber bod frå tanke- og sjelelivet hjå den som skapte verket. Det må vera slik at noko av hans ånd vert overførd til andre.

Kunstsans høyrde til i Bruuns ætt. Bror hans studera skulptur i Rom og vilde bli bilethoggar, og systra var på god veg med musikken.

«Det forekom mig,» skreiv Bruun, «som også jeg bar på planen til et kunstverk, blot til et ene-ste. Men det vilde jeg også forme uforgjengeligt som i malm: mit livs kunstverk.»

Han vilde hjelpa andre til å nå noko av det same, so langt råd var. Han hadde berre ord å hjelpa seg med, «ord som verden så foragter», men meinte som Wergeland, at ord likevel var «Sandhedens armé og den største magt på jord», når dei bar bod frå ånd, hadde ånds-innhald.

Talekunsta er den høgste av alle kunstslag. Orda har den sterkaste makta, dersom dei vert borne av kjærleik. Utan denne vert all tale — kor god ho enn er — «ein ljodande malm og ei klingande bjølle». — Bruun gløymde aldri dette. Men forma arbeidde han likevel med, ålvorleg og, ikkje minst når han skulde tala til bønder og bondeungdom. «Vi boglærde folk er så umå-delig uvidende om bøndernes tænkesæt og liv,» segjer han i «Folkelige Grundtanker». «At få sin ånds beste eie frem for bønder, så de kan skjønne det, er en stor kunst for en akademiker. I 10 år har jeg nu øvet mig på denne kunst. Og jeg har havt al grund til at lægge viljen ved. Hele min virksomhed afhang jo af om det kunde lykkes.» Litt hadde han vel lært, segjer han sidan, men endå vanta det mykje.

Dei som var saman med honom i kvardagslivet i Gausdal, fortel at han brukte aldri å skriva foredraga og so læra dei utanåt, langt mindre øva inn dei, slik som Bjørnson gjorde med foredraga sine. På einsame turar tenkte han på det han vilde tala um, og då forma han talene. Ein må bruka ord ogso når ein tenkjer, og soleis vart då tankar og

ord eitt for honom. Han arbeidde seg fram til ein sermerkt retorikk, ein som ikkje var utforma ved skrivebordet. Alt høyrdest so endefram, greidt og naturleg ut, og slik er det vel nettupp den høgste talekunsta skal vera.

Det han skreiv, var like eins. Ein treng ikkje lesa mange liner av honom fyrr ein kjenner forfattaren.

Ein har kalla Bruuns talekunst spartansk, og det er råkande. Han tala samantrengt og klårt, den eine tanken bygd på den andre, ikkje uturvande ord eller vendingar.

At han hadde arbeidt so mykje med talekun-sta og nått dit han var, gav honom rett til å setja krav til andre, serleg til «ordets forkyn-dere», prestane. Han var streng her, urimeleg streng, tykte mange. «På de fleste tilhørere øver de aldeles naturlig en skrækkelig søvndyssende virkning. Og for en vågen og seende mand er det en sjælslidelse at skulle søge sin næring ud af en slig strøm af snak. Det er som at være nødt til at tylle i sig skåler af lunkent vand. Og seiv om en prest, af dem som kaldes de vakte, giver det en tilsætning af skarpt, eller om han giver det en tilsætning af sødt — det lunkne vand kan enda så godt vedbli at være hovedsagen.»

Ogso det skrivne ordet var tungt, uklårt og ufolkeleg. Lovverket' hadde pusna umåteleg upp, og det heile hadde ei uklår og ufolkeleg form. «Det er så slurvet skrevet, det er affattet i et så barbarisk sprog, at det skal meget til at få nogen greie på det for dem, som ikke har brugt år af sit liv for at studere det.» For bøndene var dette til stor ulempe og skade. Dei kjende seg so framande og hjelpelause i retts-saker t. d. Men for juristane skapte det gode tider. «Vi ju-rister regjerer verden.»

Bruun arbeidde mykje med å finna den klåraste og mest folkelege forma både i tale og skrift. Han meinte at både embetsmennene, lovgjevarane og dei styrande i det heile hadde god grunn til å gjera det same. — Å eksaminera elevane i det han hadde tala um når det galdt religiøse ogmoralske spursmål, brukte han aldri. Han meinte at dersom dei kort tid baketter kunde fortelja att det han hadde sagt, vilde det vera vitnemål um at orda hans ikkje hadde nått inn til det indre sjelelivet, men vorte liggjande ovanpå lik kornet som vart sådd på vegen.

Striden um undervisningsmåten galdt ikkje fag som rekning, landkunna og slikt. Um upp-læringsmåten her har det ikkje vore større strid millom folkehøgskulen og dei andre skulane.

Den som skulde bera ein folkehøgskule og ha fullgod rett til å setja ein slik i gang, han måtte vera noko av ein såmann. Han måtte eiga noko av den indre gløden som kunde kveikja og ver-ma upp i sjelelivet, elles hadde han ikkje noko å gjera i folkehøgskulen utan som faglærar i realfag.

«Høiskolelærere vokser ikke på trærne,» svarte Ullmann ein gong ein, då han i eit brev bad honom skaffa seg ein som kunde reisa ein folkehøgskule.

At Bruun fekk mange motstandarar, tok ikkje so hardt på honom. Han lika å stå i opposisjon, vilde heller gå mot straumen enn med. Kr. Janson skreiv i ein revy til ein fest på Vonheim:

<Christopher Bruun med sitt løvefaks gjeng imot fossen som stridaste laks.»

Men det synte so lite etter arbeidet, tykte han. Han møtte ei godsleg likesæle for dei beste tan-kane sine, og han fekk gjort so lite positivt. Heile arbeidet var lik elva som renn ut i sand og vert burte: «Mer end en gang har jeg været f ristet til at ønske mig en kamp for min sag, hvor livet raskt sattes i vove for en stor seir, ønske mig en række fiendtlige bajonetter at kaste mig i mod, fremfor hele mit liv igjennem at skulle trækkes med denne fornemme hån fra oven og den seige sløvhed hos det menige folk.»

Dei seigaste motmennene var pietistane. Han fekk dei vakte i mot seg frå fyrste tida han tok til med skule i Gudbrandsdalen, og det var dei «som har lagt den største hindring i veien for min folkelige virksomhed i al den tid jeg har havt med folkehøiskolen at gjøre».

Han kom ikkje med berre kritikk mot desse. I arbeidet for at kyrkja skulde bli sjølvstendig, hadde han si beste hjelp millom pietistane på Vestlandet. Men desse feste seg mest ved kritikken og hugsa best den.

Bruun minte dei høg-kyrkjelege um at kyrkja var skipa «ved ulærde mænds forkyndelse». Men no vilde kyrkja «nægte retmessigheden av den virksomhet, som den seiv skylder sin tilværelse og forbyde den kilde at springe,

som den seiv er udstrømmet af».

Gong på gong tok han uppatt at det var mykje livande kristendom hjå pietistane. Men det var ein trong kristendom, utan syn for dei store kulturverdiane det menneskjelege åndslivethadde gjeve oss. Dei vilde so gjerne døma andre, og brukte gudelege talemåtar i tid og utid

— «Guds navn skal aldrig gå let over vore læ-ber». Og mange vilde syna seg betre enn dei var. «Der råder meget kristeligt skinvesen in-denfor de vaktes kredse.»

Dei førande millom pietistane gav so lite nøring til tanken. Verst var professor Johnson. I sin ungdom kjende han det «som den rene vellyst at tumle med Kierkegaards paradokser mod at skulle svælge den Johnsonske kavringgrød».

Både lekfolket og dei pietistiske prestane for med so mykje smått, og gjorde desse til hovud-ting (adiafora t. d.). Ein fekk hjå desse ikkje noko kjensle av at Gud er stor. «Jeg måtte gå til naturvidenskaben, til astronomerne, for at lære at Gud er stor,» skreiv han ein stad.

Eit av dei foredraga eg hugsar best av Bruun er eit um «Gud i naturen» med utgangspunkt i Wergelands ord: «Se nøie, skal du øine det store i det små, sig guddomstanker høine på gressets

veke strå.---Samme hånd har skåret hvert

blad i dets gestalt, som sol og stjerne veier--

mosens elgsgrå hud har guddomshænder tunget i skjønhedslinjer ud.» — Det var ikkje panteismen han forkynte; det var heller ikkje ei utgreiding um kva denne læra er, men ei preike um Guds makt og velde som dei store diktarane har sunge um heilt frå kong David. (Salme 19,2) og til Wergeland.Han skildest utan uvenskap frå Janson då dei vart usamde i religiøse spursmål. «Det går ikke at du trekker i den ene enden af tauget og jeg i den anden,» sa Bruun, «vi må skilles.» Dette forstod Janson, og det heile gjekk roleg for seg.

So fredeleg gjekk det ikkje med Bjørnson. Mange hadde sikkert sett store voner til den hjelpa han kunde gjera folkehøgskulen, og ikkje minst Bruun. Diktaren på Aulestad var heilt hugteken av folkelæraren på Vonheim. «Bruun er den åndelig mægtigste i vort land,» skreiv B. B. Og Bruun var ikkje mindre trylt av den livgjevande skalden og gledde seg til kvart møte med honom.

«Slig er en ung pige til mode, når hun går mod sin elsker,» sa Bruun at han tenkte, når han gjekk til møtes med Bjørnson uppe på vegen millom Vonheim og Aulestad.

Ein annan gong han tala um B. B., sa han: «Det var en fest at være sammen med ham, som det var med Wergeland: Man levde aldeles som i en anden luft. Bjørnson var umiddelbar genial, men han var ikke så sterk i at overveie.»

Det tok til i strålande solskin, men enda med toreslag. Venskapen slutta, og det syrgde dei båe tvo over. «Dette venskab var engang min stolt-hed,» sa Bruun, «og udgjorde en ikke ringe del af min jordiske livslykke.»

Det er ikkje bra at vener er heilt like. Då kan dei so snart verta leide av kvarandre. Men deter vel verre at dei er for ulike. Dette siste var tilfelle med desse tvo.

Kven som med mest grunn kunde bruka Wergelands ord til Ludv. Kr. Dåe: «Ve mig som ei kan glemme, ve dig som kunde det,» er ikkje godt å segja. — Dei vart skilde, stod som motstandarar, men uvener i vanleg meining var dei ikkje.

Ulike syn på politiske spursmål gjorde sjølvsagt sitt. Men det hadde likevel mindre å segja mot det som skilde dei i det religøse.*) At Bjørnson vende seg burt frå kristendomen, det tok Bruun tungt. Dei norske kristne og den norske kyrkja hadde stor skuld i dette, meinte Bruun. Men han var ikkje den mann som berre vilde leggja skulda på andre. «Jeg føler trang til,» skreiv han i 1886, «at skrifte overfor det norske folk og sige, at den store ulykke som har rammet det ved Bjørnsons frafald, er en af de største ulykker i hele dets offentlige liv, og der er jeg en av de nærmeste medskyldige. Jeg var ikke den stilling voksen, som Gud hadde givet mig ved Bjørnsons side. Og jeg

var den ikke voksen, fordi jeg havde ikke været tilstrekkelig tro.»

Når Bruun tala um B. B. var det ikkje berre med vanleg høgvyrdnad for ein stor mann, men på ein slik måte at ein skyna kjærleiken låg under.

Ein sumar i 1890-åra var det eit lærarkursus

*) Meir um dette i Stauri: Folkehøgskulen, side 135—36.på Vonheim. Bjørnson var heime, og vi på kurset hadde hug til å høyra honom. Vi såg den store mannen kvar dag gå der ute på altanen uppe på Aulestad att og fram, ofte stana han og såg utover dalen.

Det vart valt tri som skulde gå upp og spyrja um han vride koma ned til Vonheim og halda eit foredrag på kurset.. Eg var den eine av desse tri, og vi gjekk ein kveld upp til B. B. og bar fram ærendet vårt. — «Jo, mine kjære unge venner, det vil jeg så gjærne. — Men har I talt til Bruun om dette?» — Nei, det hadde ingen tenkt noko på. Vi hadde gått ut frå at det var tidsnok å spyrja Bruun, når alt var greidt med Bjørnson. Dei kunde då ikkje ha noko mot dette på Vonheim. «Ja, ja spør Bruun, og gi så mig beskjed om svaret,» sa Bjørnson.

Då vi kom til Bruun med ærendet vårt, vart han streng og ålvorleg og sa tvert nei. «Jeg undrer mig ikke det mindste over at I ønsker at høre ham. Han er jo landets største poetiske kraft, og på det område vor største mand nu. Jeg vilde finde det mer underlig dersom I iklce ønsket det. Men her skal han ikke komme, så lenge jeg har noget at sige over Vonheim.» Og det siste sa han på ein slik måte, at vidare samtale um dette ikkje var å tenkja på. Med denne boda måtte vi gå til Aulestad. «Jeg tenkte det nok,» var det einaste Bjørnson sa.

Eit slikt lite trekk er karakteristisk for dei båe.Bjørnson hadde lettare for å gløyma enn Bruun og vilde gjerne sletta over. Bruun tok det tyngre. Han hadde lova seg sjølv at Bjørnson ikkje skulde tala på Vonheim meir, og den lovnaden vilde han halda. Han visste at det heller aldri kunde bli som fyrr.

Ullmann fortalde at ein haustdag han var på Aulestad, bad Bjørnson honom gå i millom og få «forlik» i stand. Han gjorde ein liten freistnad, men det førde ikkje til noko.

Ein annan gong — det var etter at Bruun var slutta på Vonheim, og etter ein kvass bladstrid millom desse tvo — var Bruun på eit møte i Gausdal og høyrde eit foredrag av B. B.

Ute i gangen råka dei einannan. B. B. kom med utstrekt hand: «Ær du der, min kjære væn! Lat mig få trykke din hånd, det ær så lenge si-den. — Når jeg skriver, skriver jeg som et svin

— men det gjør du også — det gjør du også!»

Stort meir vart det ikkje sagt då heller.

Bjørnson var stemningsmenneskje og ofte ofsen og uvyrden i denne striden. Etterpå trega han og vilde gjera det godt att. Bruun var ikkje so snar i vendinga. Han var roleg og kom ikkje ut or jamvekt, såg heller kald ut. Dette saman med kritikken hans, både av høge og låge, kunde lett gjeva biletet av ein hard, myrk, sjølvgod mann, som var streng mot alt og alle.

Slik var likevel ikkje Bruun. Han var streng i det ideelle kravet sitt både mot seg sjølv og

7 — Fire folkelcrarar.andre og vilde det skulde vera samanheng i liv og lære. Sjølv synte han det gjenom heile livet. Heile mannen var ei underleg blanding av hardt og mildt. Bjørnson har gjeve denne skildringa av honom lenge etter striden millom dei hadde teke til.

«Han er en nobel, høilagt mand, en kraftfuld, dypt rationel vilje, hvis livsluft er opposisjon. Hans væsens bedste del utfolder sig, når han står som en mod mange, — når han i store linjer drager op, hvad han tror er sandt, og lar stå til! Hans sjæl er et streif av blegt alvor i vor mid-delmådige dagligdagstid (den religiøse med), af lyttende elskværdighed i åndslag. Hans opgave er krig, arvet krig, mod æstetisk letsind og mate-riel sløvhed til den ene side og mod kongelig regulert åndsforvirring til den anden.» («Verdens Gang» 28. okt. 1886.)

Vonheim var stengd for B. B. og det vart ståande fast. Dette tok han seg nær av og tok til å arbeida, ikkje berre

mot Bruun, men mot skulen i det heile, det verste ein kunde gjera mot Bruun: hindra hans livsgjerning. Han kunde aldri gløyma den uretten han meinte B. B. på denne måten hadde gjort mot honom. Bjørnson heldt nok på folkehøgskulen framleis. Men det var vel likevel som Ingvar Bøhn segjer: «Bjørnson gik omkring og ligefrem agiterede mod Bruun og hele skolen, undergravet den i bygden.»Alle dei som heldt på det gamle skuleprinsip-pet, fleirtalet av prestane og pietistane og høgre, hadde alltid vore i mot honom. No kom politikken og gjorde resten. Dei fleste av bøndene vende seg ogso frå honom, fordi han ikkje lenger kunde gå saman med det «reine vinstre». — I den tida gjekk mest alt åndsliv i bygdene utanum det religiøse upp i politikk.

Lærarane på Vonheim kom i usemje med mange av dei fremste vinstremennene i dei næraste bygdene, og dei vart ikkje so umtykte lenger. Søknaden til Vonheim vart mindre og mindre. Det var tider det ikkje var meir enn 8 —10 elevar. Bruun måtte leggja skulen ned.

Han slutta på Vonheim i 1893 og vart prest i Oslo, året etter at Arvesen hadde lagt ned Sagatun. Ingvar Bøhn heldt Vonheim uppe til 1896, då måtte han og slutta.

Chr. Bruun vart sviken i sine voner ofte, men at han måtte slutta i folkehøgskulen var det verste i den leida. Han såg på skulearbeidet sitt som mislukka, altso heile arbeidet i den beste alder. Mismodet tok både honom og dei andre lærarane på Vonheim.

Då Bruun tok til med folkehøgskulen, hadde han lite personleg kjennskap til bonden i kvardagslaget. Han kjende godt bondelivet frå litteraturen, frå Wergeland, Welhaven, Østgaard, Asbjørnsen og Bjørnson, frå bonderomantikken idet heile slik som det var skildra i kunst og dikting. Alt dette hadde lært honom å elska bonden og bondelivet.

I reynda var ikkje alt slik som han hadde tenkt seg og drøymt um. Men han gav ikkje slepp på ungdomsdraumen sin likevel. Han gjekk klædd som bonde heile sitt liv. I Sel førde han ein beint fram spartansk levemåte, stod um ettermiddagen i toppluve og snøsokkar og hogg ved, åt vassgraut med sur mjølk til kvelds. Han synte alltid stor vyrdnad for det kroppslege arbeidet og fann her studnad i kristendomen. «Hvad var Jesus af Nazareth den meste tid av sit menneskeliv? Intet andet end kropsarbeider.»

Han hadde ei fast tru på at hjå bondefolket var både den fysiske og moralske styrken som kunde reisa heile nasjonen og gjera det norske folket til eit fyregangsfolk.

I heile si skuletid var det ikkje noko han tala so varmt um som dette: «Vær tro mot dine ungdoms idealer !> Kravet sette han fyrst og fremst til seg sjølv og heldt fast på det ogso i manndomsåra.

«Jeg synes at om dette skal kjøbes gjennem et liv i savn,» skriv han, «gjennem tab af anset stilling, gjennem tab af almindelig agtelse, ja, om man skal gå som et spektakel gjennem livet for sin kjærlighed til ungdomsdrømmen, så er den det verdt. At jeg må kunne gjøre det, er endnu somi min tidligste ungdom mit bedste håb om lykke her på jorden.»

Kjærleiken til ungdomsdraumen og til bonden gjorde at han heldt ut, so lenge det berre var råd. Men det umoglege måtte han og bøygja seg for. Ein må hugsa på Bruuns stoda her, skal ein kunna skyna kva det kosta honom å reisa frå Vonheim. Det som då hende, vann han aldri heilt over seinare. Ein streng hadde sprunge. Ein høyrer nok same tonen ogso når han talar og skriv seinare.

Men alt er veikare og har ikkje same maktn som fyrr.

So mislukka som han i den fyrste tida kjende det, var det no ikkje. Han nådde mykje meir enn han og dei fleste andre då trudde. Dei som han fekk tak i, kom aldri til å gløyma honom. Bruun kunde med rette segja det same som Hjørdis til Sigurd i Ibsens drama: «Så meget er jeg værd, at har du engang elsket mig, da kan du aldrig glemme det.»

Han fekk leva so lenge at han såg folkehøgskulen reisa seg att over heile landet. Ein stor lut av den ungdomen i Gudbrandsdalen som søkte til desse skulane, var born av Vonheims-elevar. Eg gløymer aldri korleis det beint fram lyste av det vakre, fine, trøytte andletet hans siste gongen eg tala med honom — han var då mil-lom 70 og

80 år. Eg helsa frå gamle elevar, ogfortalde eit og anna av det som dei hadde sagt um skuletida si.

Vonheims-skulen var nærast tenkt for Gudbrandsdalen; men han kom til å femna vidare, utover heile landet og til grannelanda. Der var svenskar og danskar både på den vanlege folkehøgskulen og på dei lærarkursa som var der på-lag kvar sumar frå 1885 og til Vonheim vart nedlagd. I alt hadde skulen kring 1 100 elevar. Til dette kjem so alle på lærarkursa, og det vert mest like so stor ein flokk. Det vert ikkje so mange elevar årleg samanlikna med det fleire folkehøgskular hadde seinare. Men det er ikkje alltid mengda det kjem an på.

Medan han budde i Gausdal, var han på fleire foredragsferder på Vestlandet og i Danmark og Sverike. Serleg velkomen var han hjå danskane, både for arbeidet sitt for folkehøgskulen og for det han gjorde i 1864. Han fekk den store gleda i det siste leveåret sitt å sjå at Danmark fekk att det danske landet i Slesvig. I 1920 fekk han ei innbjoding dernede frå til å vera med på sigers-festen og inntoget i den attvunne provinsen. Men då var han for veik til å taka ut.

I dei 25 åra han var prest i Oslo, tala han på same måten i kyrkja som han hadde gjort i folkehøgskulen. Mange andre prestar tok til å tala onnorleis enn fyrr, på ein meir jamn og naturleg måte. Biskop Eivind Berggrav segjer atBruun «bidrog som predikant i væsentlig grad til en fornyelse av prekensproget».

I 1918 tok han avskil, og døydde på garden sin, Halvorslia, i Gausdal 1920.

Som prest i hovudstaden kom ikkje Bruun til sin fulle rett. No er vel alle samde um at hans rette plass var millom bøndene som lærar og lei-dar for ungdomen. Det var eit stort tap for heile landet at han ikkje kunde få halda fram med det. At han måtte slutta i sine beste år, kastar liksom ein skugge over siste helvta av livet hans, noko han burde vore spard for.

Det han fekk gjort er likevel so stort, at han vil få eit varande namn i den nyare norske soga.

Anders Hovden har i eit dikt samla det viktigaste av det Chr. Bruun var og gjorde som folke-lærar:

cVår ungdom ofte fåfengt bad um slik ein heilhugsbrand, han vilde sjå eit soleglad, mot klåre himmelbrand.

Men jamt dei store bleikna av og dimdest på sin sans og sokk i skodd og skuggegrav forutan glo og glans.

Men du, du ljosna år for år, du trufast dreiv di gjerd, og ofra deg for bonden vår i livslang såmannsferd.«Vår jord, er ho ein jammerdal? Vår kristendom ei sut?» «Nei!», til Guds ljose, vide hall du førde folket ut.

Du synte oss vårt fedraland, du synte oss vår Gud, din kristendom gjekk hand i hand med vårens friske skrud.

For ljos og sanning var du tolk i all din djerve strid. Du var ein lærar for ditt folk og saltet i di tid.»

VIGGO ULLMANN

1848—1910

«Udrundne er de gamle dage som floder i det store hav, og hvor sig hviler nu den svage, der fandt den sterke òg sin grav. Men lovet være himlens Gud: De ædles æt dør aldrig ut!

Mens graven kastes, vuggen gynger, og liv udsletter dødens spor, så altid sig igjen forynger, hver ædel slægt i syd og nord, og mindet som Guds miskundhed forplanter sig i tusind led.

Så lad derpå os syn da fæste, hvad ædle kalder livets lyst! Ja, lad os kjæmpe med de bedste, og vove kjækt mod død en dyst. At byde den og graven trods kan med Guds hjelp og lykkes os.»

Grundtvig.

Denne songen var Ullmann sers glad i og bruka han ofte på skulen.

Han fører tanken inn på Grundtvigs historiske syn, ikkje so beinveges på idéen om «tidernessammenhæng og Kristus i deres midtpunkt», som til den faste overtyding at det gode skal vinna over det vonde, livet sigra over dauden. Millom desse maktene er det stendig strid, og her skal vi «kjempe med de bedste».

For Ullmann var livet ein strid; han måtte «mure med sværd ved lænd», og bruka sverdet meir enn murskeia.

Han var velfør til strid og likte striden og på ein måte. «Fortræffeligt at leve i kamp, når man har neb,» sa Wergeland. Det same kunde Ullmann segja. Mange meinte han helst vilde leva i strid. Men dei som kjende honom best, visste at det var det positive byggjingsarbeidet han ynskte, og at det var der han med dei herlege gåvene sine kunde gjeva det beste.

Han vart ingen gamal mann; han sleit seg ut i striden. Dei par siste åra han livde, var han sjukleg og lite arbeidsfør. Men det arbeidet han gjorde frå han i 1873 tok til med livsuppgåva si og til han låg der, sprengd, utsliten og lidande, var so stort, at det vilde vore meir enn nok for mange menn med vanleg givnad og helse. I desse 35 åra hadde han ingen ferie.

Ein meir trugen og offerviljug åndsarbeidar har Noreg aldri havt.

Millom dei som vart vekte av Chr. Bruuns sterke tale til studentane, var Ullmann den mest gåverike. Han ofra mest og har sett dei djupaste merke etter seg.Viggo Ullmann vart fødd i Oslo 21. desember i det urolege året 1848. Han høyrde til ei kjend og gåverik ætt. Far hans, Jørgen Axel Ullmann, var departementsmann, og mor hans, Wilhelmine Dunker, var syster til den kjende advokaten Bernhard Dunker. Bestemora hans, Conradine Bergitte Dunker, var syster til professor Hansteen.

Viggo Ullmann vart student 1866, men hadde ikkje råd til å halda fram med studeringa fyrr enn etter 4 år. Han drogst med skuld alt frå skuledagane og denne auka på. Han var alltid ein fatig mann. Han var ei tid huslærar hjå Ni-colai Aall på Nes jarnverk, og for ved nyårstid 1870 til Oslo, skulde gjera seg ferdig med embetseksamen. I mars same året kom Chr. Bruun ned frå Gudbrandsdalen og heldt foredraga sine i Studentsamfundet. Desse slo ned i Ullmann og merkte honom for livet. Den store gjerning Bruun her mana til, vilde og måtte han vera med i. Han skreiv m. a. um dette seinare:

«Jeg kan så godt huske hvorledes jeg i 1870 ved den vækkelse jeg havde fået ved Chr. Bruun, havde bestemt mig til at blive folkehøi-skolelærer, men hvorledes jeg da mange gange med en viss hemmelig gru tænkte på hvor meget jeg måtte opofre og forsage af hvad der var mig tilvant.» —

Han fekk filologisk embetseksamen i 1872 og var no eit år i Danmark (Askov, Testrup, Valle-kilde) og vart kjend med dei fremste høgskule-menn der nede. Det han såg og høyrde her, gjorde han endå fastare i trua på den nye skulen. Han skreiv til henne som han seinare vart gift med m. a.:

«Folkehøiskolesagen vil jeg ofre mig for; jeg giver mig i den ting ikke for nogen jordisk magt, dertil føler jeg lysten og kaldet, dertil og intet andet. Gud give jeg bare var kvit min gjæld, den ligger «om en voldsom tyngsel på mig, og før jeg bliver den kvit, bliver jeg ikke helt til bunds glad. Hvilken rolle dog pengene spiller her i verden!»

I denne tid var det fleire som arbeidde for å få ein folkehøgskule i Aust-Agder. Ein ung mann frå Austre Moland, Ivar Fløistad, som hadde vore på Sagatun vinteren 1870—71, skreiv til Arvesen og spurde um han visste nokon som kunde og vilde gå i gang med ein folkehøgskule der.

Arvesen viste Fløistad til ein ung teolog frå Nordland A. M. St. Arctander, som då tala med Ullmann um dette. Han var litt kjend på den kanten, so det kunde høva godt å gje seg med her. Og Arctander hadde pengar. Men so vart han sjuk, og enden på tingingane vart den at Ullmann tok på seg å setja skulen i gang åleine. Ei høgskulenemnd hadde samla inn kr. 260 til skulen, og so hadde han fått lovnad um pengehjelp frå «Selskabet til historiske KildeskriftersOversættelse». Han skulde setja um gamalnor-ske soger og gamle klassiske verk. Elevane skulde betale kr. 8,00 for månaden for skuleganga.

— Men alt dette kunde likevel ikkje verta so mykje, so han var i sterk tvil um kva han skulde gjera. Vegen til «den høiere skole» stod nok open. Men dit vilde han ikkje. «Dersom denne min kjæreste plan må opgives», skreiv han, «blir jeg vel nødt til at vende tilbake til det gamle latinske skolevæsen, som jeg hader af mit ganske hjerte». Å gå til eit arbeid som han hata, var umogeleg for ein idealist som han. Han valde folkehøgskulen. i

Den 1. oktober 1873 tok skulen til i Austre Moland. Til medlærar hadde han kand. teol. Johan Lange.

Arbeidet gjekk godt. Ein gong um månaden var det ope møte med foredrag, og desse møta samla alltid fullt hus.

Sumaren 1874 gjorde Ullmann ei Danmark-ferd att. Fløistad skulde taka mot innmeldingar til næste vinter. I sept. skreiv U. til Fløistad m.

a.: «---hvad der ængster mig, er at jeg in-

tet hører fra dig om indmeldelser. Skulde der virkelig ingen være? Men er der bare 5, jeg blir ved.»

Då skulen skulde taka til i oktober, var der 3 — tri — elevar. Lange sa upp, og U. fekk seg ein ny medlærar og tok til med desse tri elevane.

— Ein av dei har fortalt at Ullmann sat på einpult framfor dei og heldt sine foredrag for desse tri gutane som stova skulde vore full.

Dette såg ikkje ljost ut mot det var fyrste året. Grunnen til umslaget var pietismen. Ullmann var grundtvigianar og skulen grundtvigiansk. Det var nok i den tida.

Utover vinteren kom likevel fleire; etter nyår var det 17, og då skulen slutta um våren, var det 21. Han flutte då til Landvik ved Grimstad. Ei nemnd fekk samla pengar og bygde ein høgskule-heim, «Vigmarken», uppkalla etter Ole Vig. I 1875 vart Ullmann gift med Vilhelmine Eriksen, dotter åt presten i Løten, og båe tok med store voner til i den nye heimen.

Men søknaden vart liten her og, so han såg seg nøydd til å slutta med skulearbeidet i denne landsluten. — Kva det har kosta honom, ser ein av eit brev til Ivar Fløistad hausten 1879. «Gud ved i det hele, hvad der skal blive af dette. Jeg er nedtrykt og misstemt, pint under min gjæld, som bestandig trykker mig lige sterkt, som for-mørker mine dage og tærer på mine kræfter. — Ja, det var ikke sådan jeg engang tænkte mig det at være høiskolelærer. Bittert, bittert skuffet er jeg blevet.»

Han kom til Aust-Agder med tru og varme og mod, arbeidde der i 6'/2 år, men fekk eit skred over seg av kulde og fordom og mistru. — «Dog mandens mod fik skredet ikke krøget.»

Han flutte til Telemark, og der gjekk det betre.Han heldt skule i fleire bygder, til han hausten 1884 fekk «reist for tredje gang sit ringe hus». Han fekk no skulen fast i Seljord på eigen gard.

I mai 1884 vart det skipa eit lutlag som kjøpte Utgarden for kr. 16 000. Mange i Telemarksbyg-dene, mest i Seljord, hjelpte til med dette, soleis Jørund Telnes, Olav Soeinsson, Gunleik Nordgarden, Høye Øverland og Tarje Lindstøl.

Men den som ut gjenom åra var den beste hjelpesmannen i alle praktiske ting, var den trufaste høgskulevenen Kristian Torp Hansen, kjøpmann i Seljord, seinare bokhandlar i Kviteseid.

Umfram vanleg folkehøgskule hadde han ein privat lærarskule 1888—98 og 1900—1902. Som på Vonheim var det og mange lærarkurs her frå 1885, oftast med statstilskot.

Stortingsvedtaka frå 1875 og 77 førde til at det vart vondt og usikkert for honom økonomisk. Han hadde tilskot frå 1882, miste det i 1887, fekk det fyrst att i 1892 og hadde de't'då so lenge han styrde skulen. Men etter kvart var han komen i so stor ei skuld at han laut slutta i Seljord i 1902.

Dei fyrste høgskulemennene kom mykje med i politikken. Ullmann var den som var mest med og nådde lengst her, var president, den beste Stortinget har havt etter Johan Sverdrup, og ein av dei fremste i si tid.

Den ytre råma kring livssoga hans elles er: Stortingsmann 1886—1900, stortingspresident 1892—94 og 1898—1900, formann i dei fleste av alle dei stortingsnemndene han var med i. — Han var med i Seljord heradstyre og ei tid ordførar. Han heldt ei mengd med foredrag rundt ikring her i landet, i Danmark og Sverike og dessutan i Nord-Amerika (1893), var på mange fredsmøte m. a. i Rom, Bern og Haag, og var med i den store «kgl. skolelovskommisjon» av 1884, som kom med framlegg til skulelova av 1889. — Han var formann i «Det norske Samlaget> 1891—94.

Attåt alt dette stod han som styrar eller med-styrar av fleire blad og tidskrift og skreiv mykje i desse. — Det største litterære arbeidet hans er cHåndbog i Verdenshistorien>.

Berre det han har skrive, kunde vore meir enn nok til eit langt livsarbeid for ein mann. «Norsk Forfatterleksikon» har fem store tett-prenta sider berre til å rekna det upp.

Det var likevel som talar han nådde høgst. Hans geniale talekunst gjorde honom også til ein av dei fremste politiske førarane. Ullmann var fødd talar; ein av dei få som ein har rett til å bruka desse store orda um.

Den kjende svenske høgskulemannen, Teodor Holmberg, som i sine yngre dagar reiste mykje i Noreg, og i si tid var den fremste folketalaren i Sverike, har gjeve ein karakteristikk av Ullmann som kanskje er den mest råkande:

«Viggo Ullmann var en sållsynt rikt begåvad, ideelt tankande mann, men samtidigt vass ochstridbar, med hånets och satirens vapen vål for-trogen. Som politisk folktalare hade han endast i Bjørnstjerne Bjørnson sin overmann, som reli-gios talare, sårskild for ungdom, stod han oover-tråffad. Hans markerade andletsdrag med den skarpa blicken i ogonen och den samlade såker-heten i hela hans uppträdande forfelade aldrig att gora intryck. Han var i många år stadd i yt-terst små ekonomiska villkor, och både han och hans adla hustru visste vål vad hård forsakelse betydde.»

Ullmann var som alle andre, barn av si tid. Han levde i ei sterk stridstid, var med i striden og vart «vass och stridbar». Chr. Bruun har nemnt ein av hovudgrunnane til dette: «Han har så lenge ligget i kamp med kristelige retninger som idelig har gjort småting til hovedsager — med et pietisteri som har gjort dans til en dødssynd og en teologi som i den ringeste afvigelse fra den «rene lutherske lære» har seet en kirke-ødeleggende vederstyggelighed». — Bruun var sjølv varm og glødande nok, men so roleg, og han fann at Ullmann ofte gjekk for vidt. — «Det er vel ikke mange mænd her i landet som lægger den lidenskab for dagen i sin offentlige kamp som Ullmann,» segjer han vidare. «Og i sig seiv er der ikke noget at sige på det. Det er derfor vi har fået ild og lidenskab, at vi skal bruke den i kampen mod det som er ondt og urigtig.»--

«De kristne her i landet har været meget uret-

8 — Fire folkelærarar.ferdige mod Ullmann i lange tider, både pieti-sterne og de renlærige theologer. Og det er denne uretfærdighed, som for en stor del har gjort ham til det han er.»

Bruun var elles usamd med Ullmann i mange spursmål — ikkje minst teologiske, og kom med sterke åtak på honom. Men han harma seg over den urettvise framferda 6om serleg pietistane for med.

I den urolege og politisk vanskelege tida kring 1884 stod dei tvo partia skarpt mot einannan: høgre—vinstre. På båe sidene freista dei få dei beste og mest evnerike mennene sine med i striden. Landet hadde bruk for dei, dei hadde ikkje lov til å smyga unda. Då presten Heuch (seinare bisp i Kristiansand) vart vald til tingmann, sa ein til Johan Sverdrup, at no fekk vinstre ein fårleg motstandar. Sverdrup svara: «Det har ingen nød; jeg har allerede bestilt Ullmann til at behandle ham.»

Heuch og Ullmann stod skarpt mot einannan både i det reint politiske og i fleire religiøse spursmål. Men Heuch fekk djup vyrdnad for Ullmanns ålvor, åndskraft, djupt religiøse huglynde og overtyding. Han kunde heller ikkje vera med på den forkjetringa som Ullmann kom ut for.

I eit selskap hjå Heuch kom samtalen inn på Ullmanns religiøse syn; «hans udvandede kristendom», som «Luthersk Ugeskrift» kalla det. Dåsa fru Heuch høgtidsamt og med overtyding til slutt: «Ja, Ullmann får nok, når han kommer hinsides.»

«Å, mor, du blir ikke så streng du heller, når du kommer hinsides,» sa Heuch lognt.

Ullmann er best kjend som politisk agitator, i tale og skrift. Dei som har freista skriva «Noregs nyare historie», nemner det store arbeidet han gjorde i det politiske livet, men dei har ingen ting å fortel ja um honom som skulemann og folkelærar. — Dei fleste har difor fått eit uheilt, ja beint fram usant bilete av Viggo Ullmann.

Han var utan samanlikning den største krafta vinstrepolitikken i den tida hadde, og ein arbeidshest som stortingsmann. Men likevel var det ikkje på det politiske umkvervet han hadde livs-uppgåva si. Det var berre tilhøva han levde under, som dreiv honom inn i politikken og heldt honom der so alt for lenge.

I 1884 — altso midt i verste striden — skreiv han til ein ven:

«--Det er kun politik, høirepolitik, venstre-

politik, bondepolitik, politik, politik, politik, og den som sidder midt oppe i alt dette, og ligesom skal være en av lederne, må skrive et dusin breve hver postdag landet rundt om høire — venstre,

høire — venstre.--Jeg tænkte virkelig for

alvor på en stund at drage mig ut av alt dette

og vende mig til et stille liv--men jeg har

en god ven, som heder samvittighed, og han tokmig i nakken og sagde: «Det har du ikke lov til, din dovne gamp. Hvad du har lovet, skal du holde.»

Han tok det politiske arbeidet som ei verje-plikt. Ein god og trufast nordmann hadde ikkje lov til å lura seg i frå, slik som sakene då stod.

Den same kjensla av plikt, ansvar for sitt eige samvit, gjorde, at han kunde halda so lenge ut ogso i høgskulearbeidet. Alle nybrotsmenn her hadde det vanskeleg, men ingen sat so trongt i det økonomisk som Ullmann.

I fleire år hadde han og frua hans det bokstaveleg soleis at dei mang ein gong ikkje visste kva dei skulde ha til mat næste morgon. — Desse / vanskane tvinga honom til å taka embete. Dette

var eit stort tap for landet. — Andre kunde fyllt embetsromet like godt, men det var ingen som kunde halda folkehøgskule so godt som han.

I det daglege skulearbeidet hadde han ikkje berre det ein kallar åndsfag, — heldt ikkje berre foredrag, — men og ei mengd med prosaisk skule-arbeid. Han hadde ikkje råd til å løna so mange medlærarar at han kunde sleppa det. Og desse hadde mykje meir arbeid enn nokon av lærarane i ungdomsskulen no. Serleg vart det mykje i den tida han hadde lærarskule samstundes med folkehøgskulen. Ullmann hadde soleis både ei og tvo klasser i norsk, måtte retta ein heil bunke med lange stilar kvar veke, sitja der og retta på setningar, finna formfeil, stryka eller setja tilkomma, h-ar, d-ar o.s.b., gjera «slavearbeid» som han kalla det.

Som Arvesen freista han alltid få elevane til å skriva naturleg, halda seg til emnet, gjeva tankane klår form, so dei ikkje kom til å skriva eitt, når dei tenkte noko heilt anna. Han feste seg ved det gode dei hadde skrive, men fortalde og korleis det skulde vera alt det som ikkje stod der, men som burde ha vore med.

Telemarkingane har sers lett for å gjera vers og viser, og det kom sjølvsagt fram i stilane både i folkehøgskulen og lærarskulen. Ein gut hadde ein gong skrive eit stort dikt som han var sers kry av, og venta mykje ros for. Han vart nokso flat då han fekk att stileboka og såg at Ullmann hadde skrive i margen: «Skal dette være vers?» Stilrettingstimane gledde mange seg til, andre gruva seg, men alle visste dei fekk læra mykje.

Hovudfaget hans var historie. Han hadde ei makelaus evne til å gjeva utsyn over f ram vokstren hjå dei ymse folk frå ætt til ætt og peika på dei ideane som har bore framgangen. Ein kunde tru at dette måtte bli nokso abstrakt, so det vart uklårt og uskyneleg for unge gutar og gjenter. Men det verka ikkje slik. Med ei kort personskildring eller forteljing um ei historisk hending gav han eit klårt bilete av tida og dei tidstilhøva han tala um.

I den fyrste høgskuletida var den nordiske mytologien eit kjært emne for mange lærarar, ogdei kunde få utruleg mykje ut av dette. Ullmann tok ikkje so mykje med av gudelæra — iallfall ikkje dei seinare åra — ikkje når han tala um «folkenes naturreligion og folkeånden» heller. Han såg på dette onnorleis enn dei gjorde i ro-mantikkens dagar. Segnene um Valhalls gudar i Åsgard var ikkje folketru, men skaldesyn, skapt av vikingelivet i slutten av heidenskapen.

Mange høgskulemenn kan vera so mykje for elevane i det daglege samlivet, at dette får like so mykje å segja som foredraga i skuletimane. Ullmann var ikkje av desse. Ikkje hadde han tid, og ikkje låg det for honom heller. Han hadde vanskeleg for å tala med elevane privat. Dei kom seg sjeldan til det. Det var noko kort, ihop-knept over honom, som gjorde at ein heldt seg på fråstand. Dei vilde helst ha honom på talarstolen.

«Hvem er De, og hvad vil De?» brukte Ludvig Schrøder å segja, når ein framand kom på kontoret hans. Ullmann tok det mest på same måten. Var han uppe i eit arbeid — og det var han mest alltid — so var det ikkje lett å få mange ord av honom. Han levde i sin eigen tankeheim og hadde vanskeleg for å riva seg laus. For dei som ikkje kjende honom og måten hans å vera på, såg han hard og streng og kald ut, når han ikkje stod på talarstolen. Men han var ikkje det. Det var noko fint, mjukt, blidt og noko reint barnsleg over honom som hjå dei fleste store menn.Han kunde t. d. moroa seg med å laga for-undringspakkar til dei store basarane dei heldt kvart år i Seljord til inntekt for skulen. Det var forresten kjøpmann Torp Hansen som styrde med dette; han hadde panteobligasjonane og greidde med renter og slikt. Både Ullmann og frua var rørande takksame mot honom for at han sparde dei so mykje for å vakta på dette. Inntekta av desse tilstellingane og storparten av det Ullmann og huslyden skulde leva av, gjekk til renter. Han hjelpte til med pakkane sine, og arbeidet med dei gav kvile for tankane.

Sume tider arbeidde han kanskje og medan han stelte med pakkane. For det meste var det sukkerkuler, peparmynte og slikt han la inn i dei fyrr han lima dei godt i hop. Av og til kunde han vera flott og leggja ein stor og dyr ting inn i, ein krageknapp, eit par hårnåler, ein lumme-blyant o. 1. Både eitt og tvo hundrad slike pakkar kunde han laga i stand til kvar basar, som i regelen vart halden ut på vinteren, og dei gjekk som vart braud. — Han var midt inne i historiske spursmål og vanskar medan han arbeidde med dette. Midt uppe millom store, lærde, tyske, engelske og latinske bøker, hadde han desse sakene liggjande på skrivebordet. Men han likte ikkje at framande såg det. Han hadde alltid liggjande ei stor avis som han la over, når nokon kom inn på kontoret; han såg då halvt redd, halvt skjemd ut. Var det ein god kjenning ellerein av husfolket, tok han avisa burt att, murra noko som vel tydde: «Å, er det berre du. Seg det du vil straks og ha deg ut att.»

Han vilde alltid sjølv laga til joletreet, pynta det, finna ut jolegåver til alle i huset, — admini-strera. — Joletreet lyste, han las joleevangilja, alle song jolesalmar, helst av Grundtvig. — Jole-kveldane var høge og heilage for unge og gamle på skulegarden. Saman med huslyden sin gløymde han då dagsens strid og naud.

Han hadde ei merkeleg evne til å halda tankane samla um det han til kvar tid arbeidde med, søkte innetter til sitt eige, rike sjeleliv, som fekk næring i den barnetrygge, religiøse trua hans. I foredraga sine kom han so ofte inn på det som Welhaven har forma slik: «Vær fri og from i dine tankers rige.» Når åhøyrarane — gamle og unge — under hans religiøs-etiske foredrag fekk sjå noko av hans «tankers rige», vart dei fanga av honom, tekne av den sterke makta i orda hans.

Eg har havt den lukka å få høyra nokre av dei fremste ungdomslærarane og talarane i dei nordiske landa: Schrøder, Begtrup og Poul la Cour i Danmark, Eolmberg og Holmstrom i Sve-rike, Arvesen, Bruun, Bjørnson, Vullum, Wexelsen og m. fl. i Noreg, ikkje berre eitt, men fleire foredrag eller talar av alle desse. — Men ingen har etter mitt skyn gripe so sterkt inn i det inste sjelelivet og havt den sterke makta over åhøyra-*Viggo Ullmann frå yngre år.*rane «om Viggo Ullmann. Når ein høyrde honom, slutta ein å tala spottande og med aksleskaking um «det levende ord» — noko som var so på moten ei tid, når talen kom inn på folkehøgskulen.

Det var ikkje dei klåre, velforma setningane eller slike ytre ting som verka so sterkt. Ein kom ikkje til å tenkja på slikt eingong. Men det var innhaldet, den suggererande energi og personlege overtydinga som fanga. Tankane

hans hadde samband med det ein sjølv hadde kjent og tenkt og streva med.

Chr. Bruun åtte den same evna. Men det var ein heilt annan måte han tala på, eit anna slag talekunst. Kvar einskild har sin måte, og difor er det vel like so mange slag talekunst som det er talarar.

Når ein høyrde Ullmann i dei beste stundene hans, tok ein til å skyna det Bruun har skrive um det munnlege ordet, der han minner um Perikles og Demostenes i Grekland, Muhamed i Arabia og dei som forkynte kristendomen og med ordet sigra over heidenskapen: «Det er ordet, det mundtlige ord, som har øvet de største storverk på jorden.»

Ullmanns sterkaste interesse var historie. Men han vilde gjerne vera med ogso i notidslivet.

Då Grundtvig lenge hadde site nedgraven i gamle historiske skrifter, var det noko i honom som reiste seg mot dette. Berre å skriva bøker um bøker var ikkje nok for honom, sjølv um hanmed det kunde vinna eit stort namn som lærd mann. Like eins var det med Ullmann. Han sa ein gong: «Det tilfredsstiller ikke mig dette, bare at sidde i en stol med en pibe og læse om hvad andre har gjort i verden.»

Ikkje det å vera politikar, statsmann, var livs-uppgåva hans. Det politiske arbeidet var noko attåt. Ei tid tenkte han kanskje at han med si umåtelege arbeidskraft skulde kunna greida både det eine og det andre. Straks han kom heim frå Stortinget fyre jol — dagen etter han hadde køyrt den lange, bakkute vegen over Kviteseid og Brunkeberg eller gjenom Bø — tok han til med foredrag på skulen. Dagane millom jol og nyår nytta han til å skriva på det store historiske verket sitt. Det var ein led i høgskulearbeidet. — Etter denne «ferie» reiste han til Stortinget att.

Ei framifrå hjelp hadde han i kona si, fru Vil-helmine. Til ein folkehøgskule — i all fall slik som det serleg har forma seg i Danmark — høyrer ogso at elevane bur på skulen og er med i huslivet, Kristen Kolds geniale tanke. Det ein vinn med dette, når det er som det skal vera, er kanskje av like so stort verd for mange elevar som det dei får i skulestova i timane. Fru Ullmann var makelaus her. Er noka kvinne i landet vårt verd det heiderfulle namnet «høgskule-mor», so er det ho. — Det verste for henne var for resten ikkje vanskane med å vera høgskule-mor, men tanken på utkoma. Det vart mange*V. Ullmann som eldre.*

vakenæter for henne. Ho låg og tenkte på korleis ho skulde få pengar til det mest turvande.

— «Jeg bad,» sa ho, «og blev altid bønhørt.»

I huslivet saman med henne og borna fekk Ullmann den freden og kvila og samhugen som han so sårt trong til. Når han trass i all motgang heldt ut i skulen i 29 år, kan ein fyrst og fremst takka henne som stod so trufast attmed heile tida. Um Karoline Bjørnson er det sagt at ho var sett til å vakta den heilage elden. Det kan med like stor rett segjast um Wilhelmine Ullmann.

Ullmann slutta i Seljord tidleg på sumaren i 1902. Eg vil alltid hugsa den dagen han tok avskil med skulen. «Jeg skal reise imorgen og vilde gjerne at eleverne samledes i skolesalen i kveld kl. 8,» sa han. «Men jeg vil be dere om en ting: Ingen av dere lærere må si et ord. Be eleverne om at heller ingen av dem siger noget. Jeg vil falde rent sammen, hvis nogen siger noget. Seiv orker jeg ikke at få f rem et ord. Vi vil bare synge en sang sammen.» Då alle var samla i skulesalen, sa han: «Jeg vil få si eleverne og læ-rerne farvel, og be om at vi synger sammen den sang hvormed jeg for 29 år siden begyndte min skolegjerning, Grundtvigs gamle høiskolesang: «Hvad solskin er for det sorte muld.»

Då vi hadde sunge, reiste han seg og gjekk. Ikkje eit ord vart sagt. Men det er den mest gripande avskilsfesten eg har vore med på. Vi hadde alle kjensla av at han her gravla den stør-ste og fagraste ungdomsdraumen sin. Han, sjølve ord-meisteren, hadde ingen ting å segja. Han makta det ikkje. — Han flutte til Skien dagen etter og tok over amtmannsembetet, som han hadde til han døydde i 1910.

Wergelands ord um Bjerregård høver so godt på Viggo Ullmann:

«Nu da han er bleven leer, er det tiden at den sene retfærd skeer:

Døden får sin laurbærkroning, livets smerte sin forsoning, verdens dom bytter sine grebne stene nu med gyldne frugter om.»

Til gravferda hans i Oslo 3. september 1910 var samla mange av dei som hadde kjent honom frå ungdomen, fylgt livsferda hans frå fyrst av og soleis kjende honom best. Desse kunde difor gjeva det beste og sannaste biletet av honom slik som hans eigne i hans eiga tid såg det. Ein kan kanskje segja at dette snautt kunde verta heilt objektivt då. Men dei på den andre sida skyna og kva mannen var og hadde gjort for folket og landet. Dei kunde ogso vera med — no.

«Nu er ros i alle munde: — først dog måtte kjæmpen blunde.

Hvast han stred mod døgnets trolde, I ham klemte mellem skjolde.»Den gamle venen og medarbeidaren hans, 0. Arvesen, sa m. a.:

«Ullmann var en arbeidets mann; han talte ikke timer, han arbeidet hele dagen og halve natten med. Han var ikke bare en stridsmand, men en dybt, religiøs mand, et hjertevarmt, trofast menneske i stort som i småt, en hjem-mets mand i ordets bedste og deiligste betydning. Hans folkehøiskole var også som en del af hans hjem. Han tændte en ild, hvis mage jeg aldrig har set; og jeg ved ikke nogen mand i dette land, som har gjort magen; han skapte fred, men en fred med ild, lys, begeistring, varme.»

Presten J. Gleditsch (seinare biskop) heldt hovudtalen, som gjev eit utsyn av det viktigaste av livsyrket hans slik som samtida såg det. Slik vil sikkert ogso komande ætter sjå både upply-singsarbeidet hans, alt det andre han streid for, og mannen sjølv.

Talen var bygd over Math. 4,17:

«Fra den tid begyndte Jesus at forkynde og sige: «Omvender eder, ti himmeriges rige er kommet nær.» Menin-gen med dette budskab er den, at himmeriget er kommet ned på jorden; de som omvender sig, kan se, at riget er der, ti de får troens lys. Så skede i Jesu dage; de som omvendte sig fandt, at himmelriget var på jorden; og de levede som rigets børn; himmelen var åben over menneskesønnen. Sådan har det også gået senere i tiderne, og især i de store vendinger i folkenes liv er det blevet kjendeligt, at riget er kommet på jorden i menneskenes sind. En sådan vending i vort folks historie faldt i Viggo Ullmanns ungdom. Da steg reisningskræf-ter i vort folk op mod sit gjennembrud. Himmelriget var nær i en vidunderlig ening af menneskeliv og guddoms-magt, og budskabet lød sterkt og gribende. Også Ullmann hørte det og fulgte kaldet. Han omvendte sig fra at søge sit eget til at søge sit folks velfærd; ti deri så han himmelriget på jorden. Og han blev en udvalgt folkelærer, en selvforglemmende folkevækker, hvis ord kastet troens lys rundt omkring.

Så brød det politiske uveir løs, hvor livsanskuelserne stødte sammen, og midt i striden stod Ullmann, fordi han troede på rigets vårbrud gjennem våbengnyet. Så da striden stilnede, blev han sagamand, og han gav et utsyn over verdens saga, båret af samme lyse tro på en-heden mellem riget og den folkelige reisning. Så blev udsynet videre, og der kom seilende op fra det fjerne det gamle evangeliums ord om fred på jorden. Det var igjen himmelriget, som steg over synskredsen. — Så blev han fredsmand, arbeidede for den mellemfolkelige fred. Og så syntes det ham, at den sociale fred kom nær i sigte. Han troede at knuderne her kunde løses, ikke med ild og sværd, men ad fredens vei. Lige til det sidste arbeidede han med disse tanker. Og hvor er så riget, har det tabt sit slag i døden? I den trosbekjendelse Ullmann sagde hver dag, står der: «Jeg tror på syndernes forladelse, kjødets opstandelse og det evige liv.» Foran troen på evigt liv går troen på syndernes forladelse. Mørket, tvilen, mismodet er vore synder. Seiv den lyse-ste tro har sine mørkeste tvil, seiv det reneste menneskebarn trænger tvæt, når riget kommer. Ad denne vei vandrer vi gjennem omvendelse til riget, gjennem døden til livet.»

Menn som desse fire vert vanleg kalla folke-lærarar. Slike som set merke på heile folket i si tid og lenger framover og peikar på framgangs-vegen med umsyn på folkedaningsarbeidet, har rett til dette heidersnamnet. Det er ikkje lærdomi vanleg meining som er det viktigaste, når det gjeld heile folket. Lærdom og daning er ikkje utan vidare det same. Den største og viktigaste uppgåva for ein folkelærar er ikkje so mykje å verka på det reint intellektuelle i sjælelivet, po-pularisera vitskapen, som å gjera noko for det Wergeland kalla «hjerternes

oplysning». — «Uden den er forstandsoplysningen af tvilsom værdi.»

Tanken, intellektet, er ikkje alt hjå menneskja, i mange høve ikkje eingong det høgste. I viktige og vanskelege tider og tilfelle vil alltid verka med — ofte vera det avgjerande — noko som har sitt upphav i det indre sjælelivet der skilnaden millom lærd og ulærd kverv burt, og det sams menneskjelege står att. Ein folkelærar som vil skapa eit lukkeleg kultursamfund for alle, må alltid rekna med dette. Ein svensk forfattar brukar i denne samanheng ordet «ljus-mån». — Det er kanskje det mest råkande namnet. Desse fire var ljosmenn, som førde ljos og varme med seg i ei myrk og kald tid.

Sagatun, Vonheim og Seljord har no bautasteinar som minner oss um det livet her ein gong var. Men skule og skuleungdom er her ikkje lenger. Her er stilt og tomt. Likefullt vert desse skulane med full rett rekna for dei grunleggjan-de folkehøgskulane i Noreg. Dei mennene 6om reiste desse tri, sveik ikkje. Det er merkeleg dei kunde halda ut so lenge som dei gjorde. Det er ikkje mange i vårt land som har ofra so mykjefor ein idé som desse fire mennene gjorde. Det fræet dei sådde, hadde livskraft i seg, feste rot og skaut vokster. For so mange står denne tida som ein fager, strålande vårdag. — Dei ringde ei ny tid inn som Erik Lie skreiv for ikkje so lang tid sidan:

«En række betydelige mænd og kvinder glir forbi en, dybe, alvorlig anlagte personligheder, for hvem liv og lære ikke var hinanden modsatte begreber. Og det stiger op om deres navn — det klinger fra Sagatun, fra Vonheim, fra Seljord og mange andre steder en fjern klemten fra sølverne klokker.»